

Strand vgs 50 år

INNHOLD

DET BESTE I DEN ENKELTE	7
Skulen – å læra ved å gjera	9
Så mykje meir enn ein skule	11
Ei viktig brikke i regional utvikling	12
UNDRANDE OG SKAPANDE	17
"Det er den draumen..."	18
En visjon å strekke seg etter	23
Raymond, koffer blei du sånn?	27
Fekk lærelysten tilbake	33
Å leika med ord	38
På Løvebakken	41
En trygg og nær ramme på Tau	49
Kvar dag er ei glede for Hanne	53
Det beste var fritimane	57
Held orden på både skule og folk	61
En smakebit på arbeidslivet	67
I praksis hos lokal bedrift	69
Klar då oljeoppturen kom	73
Skulen der folk helsar på kvarandre	77
Bonde på den blå åkeren	81
Å bu seg på endring	87
Veien mot eliten	91
DANNING OG UTDANNING	95
Ein av dei første	97
Tre staute skulekarar	100
Eg har vore heldig!	101
Frå filial til regionalt kompetansesenter	105
Det heile starta med gymnas	109
Amtsskulen som kom til Strand	115
Å læra gjennom å gjera	117
Eit hav av reportasjar	122



Gratulerer med 50 år

Takk for at de har utdanna flinke folk som har gjort Grieg Seafood til ein av dei største lakseprodusentane i verda.

Dei neste 50 åra vert Strand vidaregåande skule enno viktigare for havbruksnæringa. Vi skal produsere meir sunn sjømat og skape nye arbeidsplassar langs kysten. Saman skal vi utvikle ny teknologi og nye løysingar som reduserer vårt miljøavtrykk, gjev oss god kontroll på lakselusa og betrar fiskevelferda. Og ikkje minst skal vi løyse alle utfordringane vi ikkje veit om enno.

Vi klarer det ikkje utan dykk!

www.griegseafood.no



DET BESTE I DEN ENKELTE

Din veg

*Ingen har varda den vegen
du skal gå
ut i det ukjende.
ut i det blå.*

*Dette er din veg.
Berre du
skal gå han. Og det er
uråd å snu.*

*Og ikkje vardar du vegen,
du hell.
Og vinden stryk ut ditt far
i aude fjell.*

Olav H. Hauge (1908 – 1994)

SKULEN – Å LÆRA VED Å GJERA

Den danske forfattaren og forteljaren Karen Blixen skreiv ein gong:

"Skulen er ikkje livet, og livet rettar seg ikkje inn etter skulen; det er skulen som skal innretta seg etter livet".

Gjennom eit halvt hundre år har skulen tatt denne utfordringa på alvor. Skulen har utvikla og endra seg. Omlag 600 elevar og meir enn hundre tilsette har arbeidsdagen sin her. Tilsette med stor breidde i utdanning og kunnskap, som gjer Strand videregående skole til ein av dei største kompetansearbeidsplassane i denne delen av Ryfylke.

I dette festskriftet har me i hovudsak utfordra tidlegare elevar til å reflektera over kva rolle skulen har hatt å seia for der dei er i dag og kva rolle ein distriktskule som vår bør ha i åra som ligg føre oss.

Det er ei historisk oppsummering i boka. Den er langt frå uttømmande, men stor nok til å vekka minne frå ei tid som har vore. Ei tidsreise som er med oss når me nå legg ut på ei ny økt.

"Utdanning er ikkje ei førebuing til livet, - utdanning er sjølve livet."

(J. Dewey)

Dette vil me merka kravet om i eit meir og meir omskifteleg samfunn med krav til alle om påfyll eller ny utdanning gjennom livet. Det blir omtalt som livslang læring, og dei vidaregåande skulane i distrikta må ta større ansvar for dette viktige arbeidet.

Eg vil til slutt takka alle dei som på kvar sin måte har arbeidd for å løfta dette skriftet fram.
God lesnad!

Mars, 2019

Einar Schibevaag
redaktør

SÅ MYKJE MEIR ENN EIN SKULE



Gratulerer med 50 år!

I 50 år har Strand videregående skole vore ein formidlar av kunnskap. Samtidig har han vore så mykje meir: Kompetansearbeidslass, møtestad og bevisstgjera.

Skulen har lukkast med mykje og det blir lagt merke til. Her har ungdom blitt trygg på seg sjølv og på at han/ho har det i seg som skal til for å fullføre eit vidaregåande skuleløp. Dette viser igjen i høge tal for gjennomføring. Det er få av elevane som byrjar på Strand som fell ifrå. Skulen står sterkt i omlandet. Det er lite lekkasje, dei fleste Ryfylke-ungdomane vel å gå på Strand – eller i Sauda.

Rogaland er eit språkdekt fylke. Strand videregående skole er ein viktig skule for å vise ungar og andre som brukar skulen at nynorsk er ei målform som vert nyttta i det daglege og som utan tvil ligg nærest taletmålet til dei aller fleste. Mange ungar uttør målform til bokmål som dei les og møter så mange stader i kvar dagen. Her har Strand vidaregående skole ei utfordring i å vise elevane korleis nynorsken lett kan nyttast i alle fag.

I slutten av 2019 opnar Ryfast. Dette vil sjølvagt påverke skulekvardagen på Strand. I Rogaland fylkeskommune sin skulebruksplan har vi lagt opp til at skulen må pussast opp og byggjast ut med tanke på eit vekst på 150 elevar. Dette er ein betydeleg auke, men eg er ikkje i tvil om at stab og elevar er i god stand til å ta imot denne elevstraumen som vi spår vil kome frå sørssida av fjorden når det vert endå lettare å pendle denne vegen.

Då Rygjabø vart nedlagt fekk skulen på Tau ei ny leiarrolle som hovudformidlar av havbruksfaget. Det var ikkje sjølvagt at Strand ville gripe denne sjansen så aktivt som de har gjort. Plasseringa av skulen med båt og kaiplass legg godt til rette for fiske og fangst. På opninga av den nye akvahallen i haust viste skulen ein sterk glød og entusiasme som utan tvil både næringsliv og elevar nyt godt av. Under denne opninga spurte eg fleire elevar kva dei ville arbeide med seinare, og alle svarte havbruk. Dette byggjer opp om det fleire av oss stadig peikar på, nemleg at den blå sektoren vil bli endå viktigare framover. Samtidig ser vi at den raske utviklinga innan sektoren utfordrar skulen til eit nært samarbeid med havbruksnæringa for å sikre at elevane som skal ut i lære og jobb er oppdaterte og veit kva som møter dei.

Skulen sitt motto om å få fram det beste i den enkelte er noko å strekke seg etter. For at det skal lukkast er det viktig at dette gjeld både for elevane som skal få ut sitt potensiale, men òg at dei tilsette skal trivast og bli stimulerte i kvar dagen sin.

Avslutningsvis vil eg be dykk halde fram med det gode arbeidet som vert gjort også i forhold til integrering og vaksenopplæring. Lukke til vidare med eit viktig arbeid!

Solveig Ege Tengesdal
fylkesordførar

Ei viktig brikke i regional utvikling



Utdanning skal forma heile mennesket og gje kvar og ein rom for å utvikla evnene sine. For enkeltmennesket handlar det om å meistra, delta sosialt og bidra til samfunnsutviklinga på dei premissane kvar og ein har.

I 1969, - det same året som skulen opna dørene sine i Strand, skreiv filosofen Jon Hellesnes essayet "Ein utdana mann og eit dana menneske". Her peikar han på at danning skal gjennomsyra menneska sine liv. Og skulen skal leggja eit grunnlag for det gjennom den opplæringa elevane skal få hjå oss.

"....Det hender ofte at vi møter akademisk lærde som aldri formidlar vis - dom.
Det finst sprenglærd toskeskap, og det finst folkeleg visdom..."

(Jon Hellesnes frå Pedagogikk og samfunn 1969)

Skulen vår må derfor våga å vera tydeleg i eit danningsperspektiv. Gjennom teori, praktiske utfordringar og opplevingar i skulekvardagen skal elevane bli utfordra på dei viktige vala dei står føre. På kven dei er og ønsker å vera. Korleis dei ønsker å stå fram i møte med familie, vener og samfunn, og aktivt velja å handla i tråd med verdivala sine.

Å gjera faga relevante for den som søker kunnskap, er sentralt. Puggeskulen si tid er forbi. Det er lite hjelpe i kunnskap om det periodiske system eller historiske epokar om du ikkje er i stand til å sjå kunnskapen i ein samanheng og brukha. Danning skjer gjennom refleksjon og korleis du kjem fram til rett svar, men på same tid forstår at enkle fasitsvar ikkje alltid finst.

I 1969 starta 69 elevar på skulen vår. Det gler oss at i jubileumsåret me er inne i, har vel 600 elevar skulen som sin daglege arbeidsstad. Det er store verdiar me forvaltar – ungdommar – i det som kanskje er dei mest spennande og viktige åra i liva deira.

Parallelt med eit veksande elevtal har òg talet på tilsette auka, og utgjer nå opp mot 110 årsverk. Utviklinga har gjort oss til ein viktig kompetansearbeidslass i regionen vår.

Me har ambisjon om å gje ungdom i regionen ei utdanning som er unik og av topp kvalitet, som kvalifiserer til å delta i arbeidsliv og til å studera vidare på universitet og høgskule. Som regionalt kompetansesenter har skulen eit stort ansvar for å vera interessert i og bidra til at regionen me er ein del av, utviklar seg. For skulen er det derfor viktig å delta i eit samspel med det som skjer utanfor sjølv skulegarden. Å ta del i innovasjonen og utviklinga som skjer i regionen, læra av han og gje innspel til prosessar med arbeidslivet elles, er eit viktig fokus.

Skulen sin visjon er å få fram "Det beste i den enkelte", at alle elevar får oppleva lærings, livsglede og meistring ut frå sine premissar. Dette er ein ambisiøs visjon og noko me arbeider for kvar dag.

Ungdommane våre har ulik grunnmur når dei møter hjå oss. Det er kostbart for samfunnet at menneske fell ut av skulen eller ikkje har eit arbeid å gå til, men den personlege kostnaden er nok høgare,rett nok vanskeleg å måla. Har menneske det bra, har samfunnet det òg. Skulen vår kan visa til gode resultat for gjennomføring og karakterutvikling, men me er ikkje i mål før alle når draumen sin.

Me er femti år og i høg grad ein vital skule, men det inviterer berre til ei ny reise. På kort sikt skal skulen byggjast ut og tilby utdanning til opp mot 800 elevar, og med det òg fleire viktige arbeidsplassar. Men regjeringa utfordrar oss til å odla heile "befolkingens kompetanse". Me er ein region med eit utdanningsnivå som ligg under snittet i fylket og landet. I åra som kjem vil eit viktig bidrag for oss vera at både ungdom og vaksne meistrar "å læra heile livet". Slik kan me styrkja skulen sin posisjon ytterlegare og fremja vilkåra for innovasjon og vekst for ytre Ryfylke.

Erik Danielsen
rekktor

Viktig for Strand

Jeg er stolt av å ha Strand vgs i kommunen vår. Jeg er takknemlig for at ungdommene i Strand kan gå på videregående i nærheten av der de bor, og stolt av resultatene skolen leverer. Når skolen valgte visjonen "Me får fram det beste i den enkelte", mener jeg dette er med på å bidra til de gode resultatene vi ser.

Strand kommune har dedikert en av de flotteste tomtene slik at skolen skal ha muligheter til å vokse på Tau. Elevene kan her velge mellom teoretiske og praktiske fag. Det gir et elev-mangfold jeg mener er positivt.

De senere årene har skolen satset på nye fagområder som havbruk. God kommunikasjon og samarbeid med denne næringen er viktig for å tilby god kvalitet på undervisningen. Flere nye linjer vil komme til Strand vgs når skolen samarbeider tett med næringslivet i Ryfylke og resten av Rogaland. Kommunen vår heier på Strand vgs og vil legge til rette for at skolen får de beste muligheter til å utvikle seg.

Irene Heng Lauvsnes
ordfører, Strand kommune



Gratulerer til ein skule som ser framover

Eg vil med dette gratulera Strand vgs med 50-årsjubileum! I desse åra har skulen vore særskilt viktig for mange av oss i Hjelmeland kommune. Mange elevar har henta kunnskap på skulen og har mange gode minne! Takk!

Skulen er framoverlent, satsar og tilpassar seg dei behova som melder seg. Endringsviljen er stor, og trua me har til skulen likeså.

Takk for ein framifrå innsats for å skapa ei positiv framtid for alle dei flotte ungdommane våre!

Kommunen ynskjer skulen lukke til vidare med dette viktige arbeidet!

Bjørn Laugaland
ordførar, Hjelmeland kommune



Ein kunnskapsrik skulearena

Strand vgs er en viktig læringsarena for Ryfylke. Den har gitt en god start på videregående utdanningen til mange fra Forsand. Den er viktig for oss og gir et godt tilbud, med åtte forskjellige utdanningsprogram. Det vitner om en allsidig og "kunnskapsrik" skole.

Naturbruk kan her nevnes spesielt. Skolen er en av få videregående skoler som tilbyr dette utdanningsløpet, med nye moderne lokale der elevene får unik praktisk og teoretisk kunnskap i faget. Strand vgs viser oss høg fullføringsgrad, og det vitner om et positivt elevsyn og god kultur. Derfor passer mottoet deres godt "Me får fram det beste i den enkelte" ..

Strand vgs blir uten tvil viktig og bra for Forsand de neste femti årene også. Gratulerer!

Bjarte Sveinsvoll Dagestad
ordfører, Forsand kommune



Ungdommen vil til Strand

Det var på slutten av 80-talet det starta. Ei gruppe elevar frå Finnøy sentralskule tok kontakt med ordføraren for å få plass båtsamband slik at dei kunne gå på Strand vgs.

Initiativet blei positivt motteke og kommunikasjonen kom på plass i tråd med ønske frå dei unge.

Etter dette har skulen vore svært viktig for Finnøy kommune. Ungdommane våre slapp med det å flytta på hybel eller internat. Strand vgs har eit breitt tilbod som gjer at ungdommen kan nyta sine talent og velja både praktiske og teoretiske fag.

Den store satsinga skulen har innan havbruk er veldig bra for rekruttering til næringa i regionen vår.

Det er viktig at kompetansen på dette feltet blir prioritert. Finnøy kommune er ein stor havbrukskommune, og vil ha stort behov for denne kompetansen også i den nye storkommunen vår.

Finnøy kommune ønskjer Strand vgs lykke til vidare med det gode arbeidet.

Henrik Halleland
ordførar, Finnøy kommune



Det gror kje mose
på Stein som rulle...



UNDRANDE OG SKAPANDE

Eg kan

*Eg skriv ikkje fint, og eg les ikkje fort,
så meg er det lett nok å terge.
Men gjeld det å springa av stad som ein hjort,
å dukke i elva, å klatre i berget...
Jau, det kan eg greie, jau, det går nok an.
Om nokon vil seie dei trur at eg kan!*

*Eg somlar og rotar, sit aldri i fred
og får aldri ferdig ei lekse.
Men gjeld det å lokke ei mor til å le,
ein hund til å danse, ein blom til å vekse...
Jau, det kan eg greie, jau, det går nok an.
Om nokon vil seie dei trur at eg kan!*

*Eg greier mest aldri å fange ein ball,
eg spring nok, men stega er tunge.
Men gjeld det å stelle ein hest i ein stall,
ein sjuk i ei seng og ein ørliten unge...
Jau, det kan eg greie, jau, det går nok an.
Om nokon vil seie dei trur at eg kan!*

Ingvar Moe (1936-1993)

Med klare mål, pågangsmot og vilje til å
gjennomføre blir Strand vgs 50 år i 2019

Gratulerar!



Bakerst: Oddvin Ur, Sondre Jørneland Warland og Olav Mossefinn Gjerde

Midtrekka: Maia Voster, Aurora Helland og Tilde Neverdahl

Framme fra venstre: Oliver Fjelde Kvame, Ola Voster og Emil Fjelde Amdal

"DET ER DEN DRAUMEN..."

Av Einar Schibevaag

Dei er framtida.

Kva draumar ber dei på og koss kan me bidra på vegen slik at dei når måla sine?

Om snaue ti år kan elevane frå 1. klasse ved Nordre Strand skule ta plass bak pultane på Strand vgs.

Det er langt fram - lenger enn dei har levd til no, og det viser der dei sit i klasserommet. Store stolar og høge pultar.

Nokre har forventingar til møtet med vaksenverda og hiv seg frampå. Andre er meir beskjedne og ser ned. – Eg skal bli bonde, seier ein av gutane. Han er ikkje åleine - fleire hender fyk i veret eller dei berre bryt det ut:

- Eg vil bli oppfinnar!
- Eg vil laga robotar!
- Eg veit ikkje, kjem det forsiktig frå ein tredje.

Ein av dei drøymer seg bort, tenker og observerer, -så bryt han ut: Korfor er det så mykje murstein på denne skulen? Han stiller spørsmålet mange før han har tenkt, men som ikkje er like lett å svara på.

– Dei er i grunnen vaksne når dei går her på denne skulen, slår ein ivrig 6-åring fast. Han blir korrigert: - Ikkje heilt vaksne, men nesten. Fleire av dei frammøtte gler seg til å bli vaksne.

– Då kan me bestemma og alt slikt.

Timen går mot slutten, og på veg ut gjer ei jente kjent: - Eg kjenner ein av ungdomane som går på skulen her, eg....

Dei har draumar, og me veit dei nok vil endra seg, og ein dag vil dei kanskje gli inn på "ein våg dei ikkje har visst um..."





Oliver Fjelde Kvame

– Eg vil gå på Strand vgs – det er klart, for eg skal jo bli bonde.
Han bur på Voster og på skulen så vel så heima så er det fotballen han trives best saman med.



Aurora Helland

Ho dreg på det. Kanskje skal eg gå på Strand. Meir sikker er ho på kva utdanning ho vil ta. Det blir speidarutdanninga. Det kjekkaste ho gjer er elles å leika med klasseveninna Maia, anten det er heime på Kjølevik eller det er på skulen.



Sondre Jørmeland Warland

Han er sikker! - Eg skal gå på Strand, seier guten som bur på Varland. Han likar å spenna fotball og yrkeskarrieren er klar.
– Eg skal bli bonde, slår han fast.



Tilde Neverdahl

Opphavet til Tilde har peika ut kursen:
– Mor og far gjekk her, så det skal eg og.
Ho likar så godt naturfag og tenkjer at oppfinner er det ho vil blir når ho bli voksen. Og ho gler seg til det, jenta som bur på Geitaskjer.



EN VISJON Å STREKKE SEG ETTER

Av Ida Austigard Ødegård, elevrådsleder 2017 – 2019

De som kjenner meg, vet at jeg er over gjennomsnittet glad i å ytre meningen min, og det gjør jeg stort sett ved hver anledning. Likevel var det en usikker hånd som strakte seg forsiktig i været da klassen skulle velge tillitselev en gang helt i starten av mitt første skoleår på Strand Vgs. Det endte opp med at jeg satt som elevrådsleder et halvår senere.

Nå, to år senere, har jeg nettopp gitt stafett-pinnen videre. Jeg har opplevd mye, og fått mange muligheter jeg ellers ikke ville hatt. For eksempel har jeg fått lov til å snakke om læringsmiljø for personalet på skolen, reist til Oslo på landsmøtet til elevorganisasjonen, og mor var nok litt sjokkert da hun fikk en telefon fra Dagens Næringsliv som spurte om datteren fikk tillatelse til å komme på trykk i en sak angående fritak fra anmerkninger.

For elevrådet har nemlig fått mye spillerom på skolen. Det er ikke sjeldent at elevrådsstyret sitter på rektors kontor for å ta opp saker fra klassene og få oppdrag, eller at noen av oss blir invitert på andre typer møter. Dette kommer nok av engasjementet som både elever og administrasjonen viser. Dessverre tror jeg noe av engasjementet blir værende igjen på rektors kontor fordi en del av elevmassen gløder

ikke akkurat for å ”påvirke egen skolehverdag”. Er det noe jeg har erfart de siste årene så er det at engasjement fungerer, og jeg skulle ønske alle andre også så det.

Med mange møter, blir det en del ut og inn av timer. Heldigvis legger lærerne til rette, ikke bare når det gjelder elevrådsarbeid, men også annet som påvirker undervisningen til en elev. For eksempel var en medelever mye syk en liten periode i et av fagene jeg tar, og da ventet klassen med å gå gjennom de mer komplekse temaene til eleven var tilbake. Vi blir altså sett og tatt hensyn til, i allfall slik jeg har opplevd det.

**”For de fleste” er likevel ikke bra nok.
Det er garantert noen som ikke finner sin plass, og ikke trives.**

Siden Strand Vgs. er en lokal skole, kjenner de fleste til noen medelever og lærere allerede første skoledag. Da er det mye vanskeligere å forsvinne i mengden. Utenom det, tilbyr skolen mange ulike linjer, noe som fører til en stor variasjon av mennesker innad på skolen og i klasser. Det tror jeg gjør miljøet romslig for de fleste.

”For de fleste” er likevel ikke bra nok. Det er garantert noen som ikke finner sin plass, og ikke trives. Også ellers finnes det jo alltid utfordringer og forbedringspotensialer, noe vi i elevrådet har påpekt og pushet på et par gan-

samanheng og samarbeid

ger. Slik er det alle steder, og slikt bør alltid jobbes med. Her kommer skolens visjon inn.

"Å få fram det beste i den enkelte"

Utsagnet ble drillet inn av en overentusiastisk Hans Marius Våga, første dag i første klasse, og siden den gang har jeg kunnet det utenat. Visjonen er ekstremt ambisiøs, og det krever at alle, både elever, lærere og annet personale, gjør sitt beste og motiverer til at andre kan gjøre sitt beste. Det er en visjon som kanskje aldri kan oppfylles, men det er et felles mål alle kan strekke seg etter. Med denne mentaliteten tror jeg skolen går en lys fremtid i møte.

Mine år på Strand Vgs. går mot slutten, og til høsten inntrer et nytt årskull. De vil nok også støte på visjonen ”å få fram det beste i den enkelte” allerede første skoledag, og forhåpentligvis føler også de at skolen strekker seg etter sitatet. Likevel kommer de til å møte utfordringer både som elev, og om de velger å engasjere seg i elevrådet. Men, de vil også møte muligheter.




Navn: **Rine Knutsen**
Stilling: Administrasjonsleder
Første arbeidsdag: 3. mars 2011

Hvorfor arbeider du i skolen og hva er det som er viktig i ditt møte med elevene?
Kan du dele en historie fra tiden din ved skolen?

Jeg hadde hørt mye positivt om skolen når jeg søkte jobb her, noe som jeg har fått bekreftet stemmer godt. Det er en trivelig og interessant arbeidsplass med flotte elever, kjekke kollegaer, godt humør og en god dose prestasjonskultur. I møte med elevene mener jeg det er viktig å ha tro på dem, og ha høye forventninger til utvikling både faglig og menneskelig. Krav og forventninger må hele tiden kombineres med varme og omsorg, slik at de føler trygghet og merker at vi bryr oss. Skolens visjon ”Me får fram det beste i den enkelte” gir meg energi i det daglige arbeidet.

Jeg har opplevd skolen både som elev og ansatt. Som elev er gyttimene med Erik Danielsen noe av det som har satt spor. De timene var bare veldig godt hvis gyttæreren Danielsen var på det laget som vant - og det var han jo ”tilfeldigvis” stort sett alltid.

Som ansatt har mange opplevelser knyttet til Korslaget, som er en del av juleavslutningen på skolen, gitt sterke inntrykk. Hvert år føler 200 - 300 elever seg så trygge at de opptrer på scenen med kreative innslag, stort engasjement og samhandling.



ELEKTROFAG

Det handlar om meir enn å få lys i lampen. Ei utdanning i elektrofag kan føra til at DU er med på å gjera teknologi tilgjengeleg i ein teknologihengig kvardag.

Frå første dag møter du reelle oppgåver i undervisinga, på skulen og i nærmiljøet. Du får erfaring frå yrkeslivet. Etter to år på skulen kan du søkja læreplass og få fagbrev.

Spennande? Les meir på nettstaden vår: strand.vgs.no



Namn:
Stilling:
Bur:
Elev:

Trond Hjorteland
Kyrkjeverge i Strand kommune
Tau
1988 – 1991

RAYMOND, KOFFER BLEI DU SÅNN?

Av Trond Hjorteland

Strand vidaregåande skule har sanneleg hatt eit noko anna livsløp enn Bjørn Vige sin udødelege vise-figur "Raymond" - men spørsmålet er like relevant for skulen som for Raymond; koffer blei du sånn?

For ein som er oppvaksen blant sauер og verpehöns innaføre indre Erfjord, var det å komma til mylderet på Strand vidaregåande skule eit sosialt sjokk som heller ikkje Afrika kunne måla seg med nokre år seinare.

Det er løye med det; ein skulle kanskje ikkje tru at det var ein større overgang å flytta frå ein fjellgard i Suldal til Strandalandet enn det var å flytta til Afrika. Men slik var det for meg. Og kanskje er det ikkje så løye heller, når ein som beskjeden 15-åring brått blir riven opp frå små og trygge rammer, med silo- og mopedliv, inn i det som for meg var eit mylder av folk, meininger og eit hav av mulegheiter. Endeleg kunne eg bli med på fotballtrening på Midttun og MIL – og faktisk gå til trening. Det var noko nytt for ein litt over gjennomsnittet fotballinteressert kar som var van med å bli kjørt 27 kilometer over "fjedle" til Suldalsosen for å finna likesinna.

Ein ting som garantert ikkje interesserte ein nokså introvert, usikker kar med ein lett trimma Honda MB5-moped og hockey-sveis, var å synga i kor. Ja, knapt nokon tanke var meg vel meir fjern enn å stilla meg opp på kortrap-

pene, då gymlærar Erik Danielsen (ja, han Erik), tromma saman eit skulekor første året Strand vgs var på Tau. Det blei jo eit sopihop av sprukne og ukontrollerte ungdomsrøyster, men det gjekk ikkje lange tida før dei fleste av oss song like frimodig som var me i dusjen.

Å bryta grenser

Og det er her Bjørn Vige sin "Raymond" kjem inn. Songen om den utagerande eksistensen som torturerte katten, traff oss i koret som ein forelskelse i russetida. Her var liv, råskap og død, det var sant og hardt. Me kjende alle ein som Raymond, og nokre av oss kjende oss kanskje ein smule igjen. Uansett; ein skule som kan få ein introvert silopönkar frå indre Ryfylke til å synga Raymond for full hals på juleavslutninga i 1989, har i realitetten ingen grenser. Til ære for nye og gamle Raymond-fans, her er refrengen:

Han var tøffe, han var nå, heilt frå han var liden

*Morå va fortwila, faren trøtt å sleden
Han va kalle, han va hare, ingen hanska me han,*

*Barnehagen, nabologets fryktinngytne skrekks.
Raymond, ka va det med deg, å Raymond,
Koffer blei du sånn?*

Ein liten digresjon: Strand vgs har i løpet av åra vidareutvikla kor-aktiviteten til eit årvisst "Korslag" som ifølgje ryktene spenner frå det musikalsk briljante til det musikalsk...eh... interessante... Eg vil tru at skulekoret anno 1989 ville ha hamna i sistnemnde kategori. Nå skal eg ikkje bli pompøs og hevda at Strand vgs ikkje har nokon grenser, for dei finst i rikt mål – alt etter kor ivrig ein vil vera etter å leita etter desse. Ei av dei viktigaste grensene i skulen si historie finst ved Hola Eigå. Avgjerda om å flytta frå regionsenteret Jørpeland (dette var før by-statusen) til jomfrueleg mark ved Torgerkrossen på Tau, var ikkje bare enkel. Og når ein ser kva skulen har utvikla seg til i løpet av desse åra, har eg ei viss forståing for at jørpelendingane gjerne skulle ha behalde denne institusjonen hos seg.

Men eg vil hevda at det var ei rett og fram-synt avgjerd, og det er slett ikkje sikkert skulen hadde opplevd same utvikling om han hadde blitt verande i Ryfylkebyen – same kor urban og Pulpit Rock-prega denne måtte vera. Tau var eit strategisk og geografisk val som har vist seg å vera vellukka. Reisevegen blei akseptabel, elevar fra Finnøy, Hjelmeland og Stavanger – jamvel ein og annan slengjar frå indre Ryfylke kunne komma på å forvilla seg til Tau.

Å korrespondera

Men dette ofra eg ikkje mange tankane då eg måtte flytta frå min første hybel i Fjeldebakkane på Jørpeland til min andre hybel i Seljevegen på Tau. Det viktigaste for meg då Strand vgs flytta til Tau, var at det blei ein kortare busstur når eg fredags ettermiddag skulle heim. Då var det å pakka ned så mykje skittentøy som bagen fekk plass til, og instal-

lera seg så langt bak i bussen som muleg, som skikken på den tida var. Det var to ting som var ganske faste innslag på bussturen innover; 1) kvalmen kom for fullt i svingane nedover mot Vormedalen. 2) bussen kom alltid litt for seint til ferja, som garantert glei ut frå kaien i Tøtlandsvik då sjåføren stansa opp ved venterommet. Heldigvis var det telefonkiosk på kaien, så eg kunne ringa heim og seja at far kunne drøya det ein time til før han kjørte til Windsvik for å henta meg.

Fotball og naturbruk

Det er som regel fleire årsaker til at ting blir som dei blir. Og det er garantert ei heil lang rekke av grunnar til at Strand vidaregåande skule er blitt slik den er blitt, 50 år etter oppstarten. Men eg trur ein vesentleg suksessfaktor er at skulen har klart å korre-

spondera betre med samtida enn dåtida sine bussruter til Tøtlandsvik. To eksempel er openberre og ruvar godt i terrenget: 1) Bygginga av fotballhallen og 2) opprettinga av naturbrukslinja.

Pave Johannes Paul II har sagt at "fotball er den viktigaste av dei uviktige tinga i verda". Dette forstod også Strand vgs. Fotballhallen, den største i Rogaland i si tid, blei eit trekkplaster for idrettsinteresserte elevar som i utgangspunktet kanskje var meir interesserte i Manchester United, Liverpool og Tottenham Hotspurs – enn i å læra om Ibsen sine samfunnskritiske drama. På Strand vgs fekk elevane gjera begge deler. Det å ha det kjekt var plutseleg ikkje noka motsetning til det å læra faglege ting – snarare tvert imot. Dette forstod Strand vgs ganske tidleg, og var med på å byggja opp om skulen sitt renommé som ein skule som tar heile eleven på alvor.

Naturbruks-satsinga ser ein sjølv sagt ikkje heilt rekkevidda av ennå, men ein treng ikkje ha doktorgrad i spåkunst for å hevda at dette er ei framtidsretta satsing. Rogaland treng mat. Norge treng mat. Verda treng mat. Og aller mest treng me rein, bærekraftig og lokalprodusert mat. Eller som ein medelev i A-klassen alltid sa når det var lunsj: "Mad e det besta eg ede!" Med seg hadde han som regel ein stabel med 8-10 kneippeskjever som glei ned raskt nok til å ta ein kjapp tur på S-Laget for å handla sjokomjølk før historielærarar Landa skulle snakka om andre verdskriger.

Der Nord-Jæren og Ryfylke møtest

For å kunna seja noko om framtida, blir det ofte sagt at ein også bør kjenna fortida. Fortida til Strand vgs meiner eg er prega av nettopp dette, nemleg evna til å ikkje lata seg stagga av grenser – og – evna til å korrespondera med samtidia. Strand vgs har opp gjennom åra vist seg å vera klar på kaien når ferja går. I eit framtidsperspektiv vil kanskje ikkje ferjene bli

like viktige for skulen, men desto meir gledeleg og framtidsretta er det at fylkespolitikarane har sagt at dei vil satsa på Strand vgs i åra etter opninga av Ryfast. I tillegg til å vera Ryfylke-Skulen med stor S (Sauda får unnskilda oss i eit jubileumsår), kan Strand vgs bli staden der ungdommar frå Nord-Jæren OG Ryfylke møtest på ein endå meir spennande læringsarena enn i dag. Rett nok er det nokre mentale grenser som då må utfordrast, dei som finn seg inne i "håvå på byfolk" og som urettmessig "påstår" at det er tre gonger så langt frå Stavanger til Strand som frå Strand til Stavanger...

Høgkompetent og attraktiv


Det som ikkje ofte kjem så godt fram når ein snakkar om skular på Strand vgs sin storleik, er at dette er høgkompetansearbeidsplassar som har uvurderleg betydning for å bidra til at høgt utdanna folk vil busetja seg i distriktskommunar. Skulen har per i dag vel 100 tilsette, mange av desse med utdanningsløp frå høgskule eller universitet bak seg. Kor mange andre arbeidsplassar i Strand eller i Ryfylke kan skilta med noko liknande? I farten kan iallfall ikkje eg komma på nokon andre. Det å kunna tilby ein slik type arbeidsplass i vårt lokalsamfunn, gjer oss attraktive for ungdommar frå Ryfylke til å komma heim etter endt utdanning.

Når skulen i tillegg har bygd seg opp eit solid ry som ein fagleg sterk og triveleg arbeidsplass, lar også fleire andre flinke hovud seg lokka til å bli strandbuar. Det er ein god sirkel å vera i, men ingenting kjem av seg sjølv. Det handlar om langsiktig arbeid, om evne og vilje til å satsa på å korrespondera med samtidia.

Den svarte sky

Så, finst det ikkje svarte skyer over Strand vgs – eller er det slik at me helst ikkje skal peika på dei i eit jubileumsskrift? Jo, her finst utfordringar som for alle andre. Den sky som kanskje er mest synleg, og som er vanskelegast å blåsa vekk, er økonomien. Strand vgs må konkurrera om midlar på det som framstår som eit stadig stramare fylkeskommunalt budsjett. Ikkje minst er det usikkerhet knytt til dei garantiane fylkeskommunen har gitt til Ryfast og Rogfast. Viss desse må takast i bruk,

å gjera ein forskjell




vil det i verste fall gå utover dei andre teneste-tilboda fylkeskommunen står for, som dei vidaregåande skulane. Den beste måten å møta den økonomiske utfordringa på er å levera best muleg resultat, slik at det ikkje vil vera muleg å nedprioritera Strand vgs når budsjett og økonomiplanar blir lagde.

Karakter versus karakterar

Og er det noko som Strand vgs har levert på, og som eg er overtydd om vil bli endå viktigare for alle vidaregåande skular i åra som kjem, så er det å få ungdommane våre til å fullføra skulegongen. Her er Strand vgs best i fylket og blant dei beste i landet. Mest ingen av elevane droppar ut. Det er i grunnen heilt fantastisk. Det blir snakka mykje om utanforskap i dag. Og ungdommar som ikkje får

seg ei utdanning, er verkeleg i faresonen for å hamna i ein slik situasjon. I eit samfunn som jarar etter det perfekte og kor det er om å gjera å vera best på alle arenaer i livet, synest eg det er fantastisk flott og framtidsretta å ha ein skule som legg meir vinn på karakteren enn på karakterar. Å få fram det beste i den enkelte handlar nettopp om dét; å la kvar og ein få utvikla seg og sine talent slik det var meint frå Skaparen si side. Dersom skulen klarar å leva opp til akkurat dét, å få fram det beste i den enkelte, vil me om 50 år kunna fortelja nye historier om Raymond-ar, frå møblerde og umøblerde heimar, som har klart seg utmerka godt!

Lykke til med dei neste 50!



Kvifor arbeider du i skulen og kva er det som er viktig i ditt møte med elevane?

Kan du dela ei historie frå tida di ved skulen?

Eg arbeider i skulen fordi det gir meg noko. Å få lov å delta i ungdommar si utvikling og førebu dei til det arbeids- og vaksenlivet dei skal vera ein del av.

For nokre år sidan ringde dei frå elevverkstaden me hadde på Tau, dei fekk ikkje ein liten elektrisk skrutrekkar til å virka. Eg tar turen ned og ser på skrutrekken og prøver ein skrue. Den går rett inn. Store auger på dei som hadde problemet. Eg prøver ein til - den går óg rett inn. Eg ber dei prøve sjølv, men dei får det ikkje til sidan eg sette motoren tilbake i revers slik den sto då eg kom til verkstaden.

Me ler framleis av korleis "hemmelegheita" blei avslørt på elevverksta- den.

Namn: **Arne Alsvik**
Stilling: Miljøarbeidar ved tilrettelagd avdeling
Første arbeidsdag: 1. august 2010

HELSE- OG OPPVEKSTFAG

Vil du arbeida med menneske? Ønsker du å gjera ein forskjell for barn og unge, eldre eller menneske som treng ei ekstra hand å halda i, kan utdanning innan helse- og oppvekstfag vera det rette for deg. Etter det første året kan du velja mellom helsefagarbeidar og barne- og ungdomsarbeidar.

Utdanninga har ei praksisnær tilnærming som gir deg ein spennande skuledag før du går ut i lære. Etter to år kan du gå opp til fagprøve.

Er du klar? Les meir på strand.vgs.no





Namn:
Arbeid:
Bur:
Elev:

Reidar Ullestад (52)
Bilmekanikar i Årdal
Årdal
Hjelmelandsfilial Askvik 1983 – 84

FEKK LÆRELYSTEN TILBAKE

Av Heidi Hjorteland

Etter ungdomsskulen var Reidar Ullestad frå Årdal svært skulelei. Men så fekk foreldra overtydd han om å søkja på maskin og mekanikarlinja (nå TIP) i Askvik.

Frå 1977 til 1986 dreiv nemleg Strand vide-regående skole ein filial i Hjelmeland, i tillegg til dei to klassane som fanst i Strand. Linja blei oppretta fordi mange bønder trong mekanikarkunnskap.

Kunnskap er lett å bera

Eg har aldri angra på at eg tok utdanning, sjølv om eg i mi tid fint kunne fått meg fast arbeid i den lokale sandindustrien utan fagbrev. Men eg trur eg har hatt godt av å komma meg ut på skule og få sjå andre ting, seier Reidar som sidan 1999 har drive Ullestad Olje og dekkservice i heimbygda Årdal.

Etter å ha gått grunnkurset i Askvik braut han av og arbeidde nokre år. Det var dåverande kjærast og neverande kone si ære at han kom seg til Stavanger og fekk fullført utdanninga, vedgår Reidar.

I fleire år arbeidde han som bilmekanikar. No har han spesialisert seg på dekk og rustbehandling.

Reidars lærar det første året på vidaregåande, Per Kåre Bringaker, står under ein oppheist bil inne på Ullestad sin verkstad og smiler lunt.

Bringaker har i fleire år vore ein særskilt godt nøgd kunde hjå sin tidlegare elev.

Læraren hadde også vore skulelei

Eg såg ikkje på Reidar at han var lei då han byrja i klassen min, men eg veit jo at mange var skuletrøytte då dei tok til på vidaregåande. Som ung gut i Horten var eg sjølv blant dei som var skikkeleg lei etter folkeskulen. Heldigvis losna det for meg også, eg såg at eg fekk det til. Men hadde nokon då eg var ung gut sagt at eg skulle enda opp som lærar, kunne dei like gjerne sagt at eg skulle bli julenissen, seier Per Kåre og ler.

Før han blei hanka inn til Strand vidaregåande skule sin mask og mek-filial hadde han arbeidd lenge hjå Årdal mekaniske verkstad. Før han starta på lærargjerninga tok han pedagogisk seminar.

Nettopp fordi Per Kåre sjølv hadde kjent motløysa på kroppen, blei det ekstra viktig for læraren å sjå den enkelte elev og møta alle med respekt.

Å være lærar her inne på Hjelmeland blei ein livsstil. Eg fungerte nemleg som sosiallærar i tillegg, og kjende på ansvaret døgnet rundt. Eg køyrd elevar heim frå skulen og var med å starta ein Trialklubb, slik at dei unge skulle ha noko å driva med på fritida. Det var ei kjekk, men travel tid, seier han.

Å læra gjennom hendene

Reidar hugsar Per Kåre som ein flink, rettvis men streng lærar.

Han var streng på ein god måte, altså. Og eg følte han hadde ei praktisk tilnærming til å undervisa. Det var ikkje mykje papir og blyant i hans timer, forklarer Reidar.

Per Kåre sin kongstanke har heile tida vore at elevane skal læra gjennom hendene og ikkje gjennom hovudet. Og alt treng ikkje forklarast av læraren.

Står ein elev fast i eit gjermål, kan han like gjerne få hjelp hjå ein med-elev som har skjønt det, i staden for at eg skal hjelpe, seier Per Kåre som nå har vore pensjonist i åtte år.

For læraren var det viktig å tillata at elevane gjorde feil. Og skulens motto om å få fram det beste i den enkelte, var i høgste grad også hans ledestjerne.

Du må ta elevane på alvor, visa respekt og gi dei ei kjensle av at dei kan og vil noko. Du må sjå heile mennesket på godt og vondt og forsøke å få maksimalt ut av den enkelte. Samstundes må du og kunne stille krav. Fleire gonger har eg måttå ha fleire samtalar med elevane for å få dei motiverte, fortel Per Kåre Bringaker.

Den pensjonerte læraren meiner denne måten å møta elevane på aldri går av moten.

Per Kåres metode

- Kallar du noko eit problem, har du alt gitt opp. Eg kallar det utfordringar, uansett. Så går eg i sekken min og finn fram eit verktøy som eg meiner vil passa for den eleven. Fungerer ikkje det, går eg i sekken og hentar fram eit nytt, forklarer han.

Han hadde i åra etter linja blei flytta til Strand eit spesielt ansvar for svake elevar.

Heldigvis har dei fleste elevane stått løpet ut og ikkje enda som dropouts, framheld Per Kåre Bringaker.

Reidar treivst som elev i Askvik, men hugsar at han og dei andre frå Hjelmeland tykte dei to gutane frå Sandnes var litt vel tøffe, der dei køyrdे rundt med Chopper-mopedane sine.

Du må ta elevane på alvor, visa respekt og gi dei ei kjensle av at dei kan og vil noko

Det oppstod eit visst behov for å jekka dei litt ned. Me andre var jo stille og forsiktige guitar, etter det eg kan hugsa.

Reidar lærte ingenting om å driva sin eigen butikk då han utdanna seg. Per Kåre prøvde utan hell å få til ei elevbedrift blant maskin og mekanikar-elevane på Hjelmeland, nettopp fordi dei også skulle læra seg den delen av livet.

Men Reidar trur ikkje det er naudsint å læra så mykje om å driva for seg sjølv i utdanninga.

- Det er ikkje å opna eigen verkstad du først og fremst tenkjer på som 20-åring. Då er det lysta til å jobba med bil som er drivkrafta.

Mykje er ennå likt

Både Reidar og Per Kåre er samde om at mekanikarfaget ikkje har endra seg så mykje på dei 36 åra sidan dei var i same klasserom.

Til tross for at ein i dag ikkje kan reparera ein bil utan å ha ein pc i handa, føregår mykje av handarbeidet under bilen på same måte som før, held dei to fram.

Pc-en er verktøyet me i dag brukar for feilsøking og kalibrering. Mykje av det som blir fiksa på bilar handlar om bremser, fjører og styring og der føregår det meste av reparasjonane på gammelåten, forklarar dei.

Men om faget er temmeleg uendra, har elevane endra seg ganske mykje i løpet av desse tiåra.

Då Reidar byrja på mask ogmek, kunne han alt sveisa og brukta skjerebrennar fordi dei lokale bedriftene på den tida let unge få sleppa til tidleg.

Strengare nå

- I dag slepp ikkje dei unge til på same måte, fordi mykje i dag er ulovleg før dei er 18. Difor kan det kjennast skummelt og ubehagleg å starta ein skjerebrennar. For meg var det eit verktøy på linje med alt anna, sidan eg var van med å brukta det sidan eg var svært ung, fortel Reidar.

Reidar har bygd verkstadlokale som husar totalt fem årsverk. Sjølv driv 52-åringen åleine men leiger areal ut til andre bedrifter.

Eg har jobba altfor mykje i mange år, men slik blir det når du driv for deg sjølv og kunder ventar å få bilane sine ferdige til ei avtalt tid. I tillegg er det berre eg som driv med antirust-behandling mellom Røldal og Forsand, det gir eit ekstra trøkk, forklarer Reidar.

Bringaker seier det er eit stort behov for TIP framleis, og viser spesielt til oljenæringa som heile tida treng folk med kompetanse denne utdanninga tilbyr.

Reidar såg det ikkje som noko kall å driva verkstad i heimbygda, men har ingenting imot om barna også startar eiga verksemد.

Sjølv er han glad han har hatt ei tolmodig kone og angrar ikkje at han tok steget, for han kjende seg klar for å oppleva noko nytt då han slutta i fast jobb i anleggsbransjen i 1999.

Reidar trur at firmaet hans no har slått rot, med mindre noko dramatisk skulle skje med livssituasjonen hans.

Han rår også andre til å ta same utdanninga og har stor tru på at det lokale næringslivet vil blomstra i åra som kjem.

Medan panna og sanden har vore viktige drivkrefter i Årdal, trur Reidar fiskenæringa om kort tid vil bli ein vel så stor og viktig aktør.

Det er viktig med slike store aktørar, for då dryp det på oss små også.



Reidar Ullestad (t.v.) og Per Kåre Bringaker i verkstaden til Ullestad

TIP**Å verka og tilverka**

Etter Vg2 kan du som elev ved TIP (Teknikk og Industriell Produksjon) teoretisk velja mellom 90 ulike fagbrev. Ved Strand vgs tek hovudtyngda av elevane fagbrev som industrimekanikar, sveisar eller CNC-operatør (dette er ein til å styra mekaniske maskinar og laga komplekse delar i metall eller andre material).

Går du på elektro, kan du velja tre hovudretningar på VG2 – el-energi, automasjon eller data og elektronikk. På Strand tilbyr skulen for tida VG2 el-energi.

MERKAR OPPTUREN I OLJÅ

Det er større interesse for personar med CNC-operatør-kompetanse (maskineringsoperatør som brukar datamaskin) både lokalt i Ryfylke og etter kvart også i oljeindustrien, fortel avdelingsleiar ved Elektro og TIP, Helge Malmberg.

NÆRINGSLIVET PÅ LAG

Yrkesfaglinjene lever tett på konjunkturane og samarbeider godt med næringslivet. Elevane er regelmessig ute i praksis i

ELEKTRO**Samanheng og samarbeid**


aktuelle bedrifter både det det første og andre året av utdanninga.

Fleire praksisperiodar for elevane knyter teorien dei lærer på skulen opp mot det dei møter ute på arbeidsplassen. Å læra gjennom å gjera står sentralt, sjølv om det den siste tida har vore litt vanskeleg å finna praksisplassar for elevgrupper innan elektro. Likevel ser me ei betring, fortel Malmberg.

FLEIRE JENTER

Malmberg ynskjer seg fleire jenter til utdanningsretningane, og viser til at det i inneverande skuleår berre er fire jenter på TIP-faget, av 61 elevar.

Han trur no at det vil koma fleire elevar frå Stavanger i åra framover når Ryfast opnar, spesielt frå Hundvåg. Utbygginga som no står for døra ved skulen vil auka elevtalet og gi eit betre utdanningstilbod. Helge Malmberg ser ei god og travel framtid for skulen, og gler seg til å by elevane nye og framtidsretta undervisningsrom for TIP/elektro.

leik og prestasjon**IDRETTSFAG**

Er målet ditt å bli best i ein idrett – eller er det ein aktiv skuledag med idrett på timeplanen som triggar deg? Her kan du vera tett på skog og sjø, eller du kan fokusera på idrettsgreina di.

Eit treårig utdanningsprogram som gir generell studiekompetanse, med fokus på enten bredde- eller toppidrett.

Spennande? Sjå meir på strand.vgs.no





Fem av elevane som har vore med på prosjekt i norskfaget.

Frå venstre: Nadia H. Abanasha, Eva B. Gundersen, Tonje Aase Hølleslid, Haakon Slettebø Meyer og Tage L. Ullestad

Å LEIKA MED ORD

Det kan fort gje ei djupare meinинг.

Det kan få oss til å grunna, det kan utfordra oss eller røra ved kjenslene våre.

I. klasse ved studiespesialiserande og idrett har vinteren 2018/2019 skrive tekstar som knyter seg til det å drøyma om framtida.

Eit eige hefte er utarbeidd, som gir mange gode døme på det elevane har fått ned på arket eller tastaturet.

MEIR

Det handlar om å jobba hardt
Drauma mykje
Og jobba enda meir

Haakon Slettebø Meyer

RAUD DRAUM

Eg har ein draum. Nei. Eg deler ein draum. Det er ein draum som eg deler med min familie. Ikkje ein biologisk familie, men ein familie av same blod. Ein familie som alle blør raudt. Det er ein draum om ein seier. Ein draum om ein tittel. Ein draum om å være meister. Ein draum om Liverpool!

Tage Langvik Ullestад

HVOR ER DU?

Motivasjon, hvor er du?
Jeg leter og leter men finner deg ikke.
Jeg trenger deg hver morgen, hver skoledag.
Motivasjon, hører du meg?
Hver dag som går glir du mer og mer fra meg.
Jeg trenger deg!
Jeg blir trett av å lete.
Jeg blir trett av å ikke finne deg.
Motivasjon, jeg drømmer om å få deg tilbake, NÅ!

Tonje Aase Hølleslid

DRAUMAR

Eg drøymer om å bli best
Men kven skal eg bli betre enn?
Ingen er jo betre enn meg
Men eg drøymer likevel

Nadia Hassan Abanasha

EN DRØM SÅ SØT

Skulle av hele mitt hjerte,
Ønske at himmelen hadde besøkstdid.
Et liv uten sorg og smerte,
for en fremtid.

Eva Buachai Gundersen

STUDIESPESIALISERANDE

Danning og utdanning

Dei siste åra har elevtalet for utdanningsprogrammet studiespesialisering variert mellom to og tre klassar på kvart trinn, rundt 180 elevar.

Ambisjonen dei neste åra er å veksa, men framleis vera det naturlege valet for ryfylkeungdommen. I samband med opninga av Ryfast bør skulen også ta mål av seg å bli nærskule for ungdommar som bur på Hundvåg, fortel Hans Marius Våga som er avdelingsleiar for studieretninga. Dette kan føra med seg ei auke i elevtalet.

– Fire parallellear på kvart trinn – med årskull på godt hundre elevar; meiner me er ein god og realistisk framtidsvision.

Vårt pedagogiske fokus den siste tida har vore ”djupnelæring”. Skulen er opptatt av å ha ein undervisningspraksis som bidrar til motiverte elevar. Djupnelæringa sitt fokus er på ekte problemstillingar, utvikling av fagspråk, verdsetjing og bruk av elevane sin kompetanse og refleksjon kring eiga læring. Dette er utdanningsprogrammet for dei som tar sikte på vidare studier på høgskule eller universitet etter vidaregåande skule. Første året har elevane fellesfag, mens dei siste to åra vel elevane sjølv over halvparten av faga; realfaglege, samfunnsfagleg eller språkfaglege, seier Våga.

IDRETTSFAG

Leik og prestasjon

Idrettsfag er ei studieførebuande retning med to valfrie programfag, toppidrett eller breidddeidrett.

Dei siste åra har knappe 100 elevar valt studieretninga, ein klasse på kvart trinn.

I faget toppidrett vel elevane spesialidrettsgreina si, fortel avdelingsleiar Asle Furumo.

– Fotball er den mest populære, men me legg til rette for alle typar idrettar etter ønskje frå elevane.

Ønskje om å følgje breiddeprogrammet er også populært. Her får du eit allsidig idrettstilbod som femnar ulike typar fysisk fostring.

Skulen arbeider nå med å få på plass ei eiga elevbedrift knytt til utdanninga. Skulen driv treningssentret Godt Trent, og målet er å få til å driva eit fullverdig treningsenter som også skal fungera som ei læringsplattform for idrettselevane.

– Ambisjonen vår er å vera førstevalet for all idrettsinteressert ungdom i Ryfylke, både dei som er glade i idrett og friluftsliv. – Óg dei som har mål om å gjera karriere innan idretten sin, seier Furumo.



PÅ
OVERBAKKEN

FRÅ SMÅ TING TIL STORE TING

Av Edmund Austigard og Einar Schibevaag

Det var mange elevar som fekk aktivert sitt politiske gen under rollespelet miniStortinget. I mest 20 år fekk elevane innsyn i ein politisk kvardag, - og to av dei tok like godt vegen heilt til Løvebakken.

Ein fredag i mai 2000 gjekk Hadia Tajik på talarstolen som leiari for Frp. Ho hadde studert programma til alle partia. Finlese målsettingar og lovnader. Ho hadde gjort eit val. Og kjende der oppe på talarstolen med representantane framfor seg, at ho kunne snakka på vegne av partiprogrammet og kjenne seg som ei heilt menneske.

Fire år tidlegare. Ein fredag ettermiddag i mai gjekk Monica Tjelmeland opp på den same talarstolen. Ho såg utover salen som statsminister. For ei arbeidarpartiregjering under sterkt press frå fleire hald. Mellom anna lanserte SV tidleg eit initiativ for å få regjeringsgruppen kasta. I løpet av dei to neste dagane opplevde Tjelmeland å bli kasta som regjeringssjef. Men også å komma tilbake til makta etter ei heilt natt med hardt arbeid.

Hadia Tajik opplevde derimot fire år seinare å bli svikta av KrF på oppløpssida. Planen var lagt for eit breitt borgarleg samarbeid for å styrta AP-regjeringa. KrF var med. Heilt til

avstemminga, då snudde dei. Nokon hadde snakka saman i garderoben, og Hadias draum om regjeringsmakt løyste seg opp i vårfrisk ryfylkeluft.

To tiår seinare treff me både Monica og Hadia på Stortinget. 4. februar 2019 er ein passeleg sur vinterdag i hovudstaden. Likevel pustar folk lettare, og humøret i byen er betre enn på lenge. Ikkje først og fremst fordi KrF

har gått inn i den blå-grøne regjeringa og gitt den eit snev av haustfarge. Men det nylege snøfallet har gjort at skiløypene rundt byen endelig er slik dei skal vera. Dei

to me treff i Vandrehallen har ikkje tid til ski, men minner om at det tunge snøfallet ikkje betyr at miljøproblemene er løyst.

Venstre er som dei tre andre i firepartiregjeringa inne i si første veke som fleirtalsregjering. Monica er leiari for politisk avdeling i Venstre si stortingsgruppe. Hadia Tajik er nestleiari i Arbeidarpartiet. Me får ein time med dei to. Men anar raskt at spørsmålet om utviding av Gardermoen konkurrerer om vår tid. Eit TV-team frå TV2 riggar seg til nokre meter frå oss. Begge legg mobilane frå seg, med skjermen ned mot bordflata. Me skal ikkje sjå kven som ringer, tenker eg. Praten går lett.



Monica snakkar om miniStortinget som ei oppvaking, ein start på den politiske karrieren. Hadia nikkar, og peikar på kor viktig det var for henne å finna ein stad å kanalisera det politiske engasementet. Utan at det blir sagt, skin det gjennom at dei to meiner det er viktig å engasjere seg. Og at eit tiltak som miniStortinget tilbyr både arenaen og anledninga. Tenk deg at du er ung og litt usikker på kva politikk dreiar seg om. Og nokre eldsjeler dreg i gang eit prosjekt som inviterer deg inn. Og snart sit du som Hadia i guttegareroben kl 01:30 natt til sundag for å få KrF med på å styrta regjeringa. Det blir harde forhandlingar, og begge partar må gi og ta akkurat så mykje at det svir. Men fortsatt når dei eit kompromiss som er godt nok for begge partar. Og kan møte i avstemminga i Stortinget neste morgen med ein felles plan. Monica nemner at dei personlege relasjonane som utviklar seg i løpet av ei helg på miniStortinget, gjer mogeleg den type forhandlingsresultat. Ho dreg linjer til det daglege arbeidet på Stortinget. Utan gode relasjoner er det mykje vanskelegare å få til ting. Det å lære om folkestyre på den måten me gjorde på miniStortinget, gir ein fantastisk ballast for det meste ein skal gjera seinare i livet.

Monica nemner også at ho har hatt glede av å få driva elevverksemد ved Årdal skule under leiing av Kirsten Gundersen, i tillegg til miniStortinget.

Ei stund prøvde eg å telja kor mange gonger bordplata reflekterte ringelyset frå mobiltelefonane deira. Eg gav snart opp, og hadde for lengst blitt imponert over korleis dei to stengde alle andre enn oss ute frå samtalens, då Hadia likevel grep etter mobilen.

Skadedyrkontrollen, seier ho. Eg må ta denne.

Eg ser føre meg at det er leiaren i Kontrollnemnda som ringer, at noko er ute av kontroll rett og slett, at Hadia må kasta seg rundt og svara på noko heilt anna. Men det viser seg å gjelda skjeggkre. Som i flokk har tatt seg inn i kjellaren nokre høgder under der me sit.

Hadia melde seg inn i Arbeidarpartiet kort tid etter miniStortinget. Monica fann fram til Venstre. Begge nemner elevverksemder og miniStortinget som gode døme på tiltak dei gjerne vil sjå meir av. Hadia snakkar om behovet for prosjekt som fokuserer på å læra korleis folkestyret og samfunnet fungerer. Monica snakkar engasjert om potensialet som ligg i kunnskapsstyrking gjennom nye former for læring. Eller, sagt enkelt: Å bruka erfaringane frå elevverksemder og miniStortinget på andre felt og i andre fag.



Kritisk tenking

Aldri før har det vore viktigare å oppdra nye generasjonar til kritisk tenking.

- MiniStortinget var eit flott pedagogisk grep for å setja oss på sporet, seier Hadia Tajik.

I ei meir og meir fragmentert tid, der fleire og fleire argument berre byggjer opp under og stadfestar dine eigne synspunkt, treng me arenaer der meininger blir brotne. Tajik meiner at når elevar løyser oppgåver i lag, har dei meir att for å læra om t.d. demokratisk tenking, enn når dei skriv om det same stoffet i ei bok. Noko óg pedagogisk forsking stadfester og som gjeld i alle fag.

MiniStortinget la grunnlaget for å vera kritisk til den informasjonen som svirra rundt oss. Du må lytta til andre, sjekka fakta og tenkja gjennom eigne standpunkt. Kva er fakta og kva er andre sine synspunkt?

Eit svært viktig grunnlag for alle som veks opp i ei tid der kunnskapen og "Fake news" berre er eit lite tastetrykk borte, seier Monica Tjelmeland.

Ho meiner at større grad av kritisk tenking må inn i alle fag, ikkje berre i samfunnsfaget. Å vera kritisk og sokande til korleis saker heng saman og påverkar kvarandre, er viktig i livet vidare.

For meg opna miniStortinget augene. Eg sit igjen med noko, kanskje det viktigaste og mest spennande eg lærte på vidaregåande.

Tajik nikkar og kjenner seg att i det. Ho hadde

*miniStortinget la grunnlaget
for å vera kritisk til den
informasjonen som svirra
rundt oss*

rådgjevaren frå Venstre. Som nettopp har sett partiet gå inn for ein ny rullebane på Gardemoen, som hennar parti var i mot.

Tajik smiler og kjenner seg heime i den situasjonen. Ho talar varmt om tida som FrP-leiar i miniStortinget over alt kor ho kjem i dag.

Det blir nok ikkje meir FrP for meg, men skulen i Strand bør få slike politiske rollespel på timeplanen att, avsluttar ho.



ingen politiske ambisjonar, men det å gå inn i ei rolle, gav kunnskap om ein folkevald sin kvardag.

Ei rolle eg ikkje trudde var tilgjengeleg for meg, men spelet førte til kunnskap og inn-syn, og lyst til å læra meir.

Og det var ikkje slik at dei som hadde lese mest blei dei beste retorikarane, fortel Tjelmeland. Du starta i ei rolle, og når spelet gjekk sin gang, var rolla borte og du sto sjølv i midten. Nokre med manus, andre let det stå til og forsvarte standpunkt dei i utgangspunktet kunne vera i mot.

Hadde ein forhandla fram ei politisk plattform, så hadde ein det, seier den politiske

rådgjevaren frå Venstre. Som nettopp har sett partiet gå inn for ein ny rullebane på Gardemoen, som hennar parti var i mot.

Det er ingenting som er meir samlande enn når ein får ein ytre fiende. Verre er det når han er mellom oss i partiet....

MONICA TJELMELAND

Ho er i dag leiar for politisk avdeling i Venstre si stortingsgruppe. Tidlegare har ho vore leiar for Unge Venstre og vararepresentant til Stortinget.

Tjelmeland er utdanna jurist.

Småstein sparka ho i Årdal, der ho vart fødd i 1977. I dag bur ho på Kjelsås i Oslo. I 1993–1996 var ho elev ved Strand vgs, og var mellom anna statsminister i mini-Stortinget.

SAGT PÅ DET VERKELEGETINGET:

Oppdaginga på miniStortinget

Eg oppdaga mange andre sider ved meg sjølv som eg ikkje visste om.....

Ein ytre fiende

Det er ingenting som er meir samlande enn når ein får ein ytre fiende. Verre er det når han er mellom oss i partiet....

Tyngdekrafta

Eg var ikkje i utgangspunktet framoverlent, men miniStortinget hjelpte meg fram i rampelyset...

Kvinneleg beskjedenhet

Jenter treng å bli utfordra til å ta dei posisjonane som guitar til vanleg har lett for å ta. For eksempel å kasta ein styreleiar.

Skifte

Me gjekk heim frå skulen og kom oppdresa tilbake til miniStortinget. Vegen var kort frå elevrolla til den parlamentariske rolla.

HADIA TAJIK

Ho er i dag nestleiar i Arbeidarpartiet og stortingsrepresentant frå Rogaland.

Tajik er utdanna m.a. journalist og jurist.

Oppveksten var i Bjørheimsbygd, der ho vart fødd i 1983.

I 1998 – 2001 var ho elev ved Strand vgs, der ho mellom anna var statsminister og president i miniStortinget.

SAGT PÅ DET VERKELEGETINGET:

Oppvakninga

Eg hadde meininger før miniStortinget, men eg visste ikkje kva eg skulle bruka dei til....

Å bryta meininger

Me treng ikkje vera like mennesketypar for å trivast i eit fellesskap.

Overrasking

Det er ikkje berre på Stortinget ein kan føle seg lurt etter å ha forhandla fram eit kompromiss, og så oppleva at fleirtalet i salen har forsvunne...

Prøvinga

Eg var altså partileiar for Framstegspartiet. Eg sette meg inn i programmet, og eg fann faktisk nokre punkt eg kunne stå inne for....

den blå åkeren



FAKTA MINISTORTINGET

Mellan 2.500 og 3.000 elevar har delatt i politiske rollar på miniStortinget i perioden 1993 – 2012. På det første miniStortinget i mai-93 var det påmeldt 90 elevar frå 15 vidaregåande skular i Vest-Agder, Hordaland og Rogaland. Frå Strand vgs var omlag 100 elevar med, 55 av desse i politiske roller.

Elevar frå andre linjer ved skulen var også med i viktige roller; resepsjon, lyd/bilete, kantinedrift og referat-/skrivearbeid. Mange tilsette var også engasjert i prosjektet, Magnar Hapnes og Bjørn A. Olsen sto ved roret dei fleste av åra.


Idéen til miniStortinget fekk Magnar Hapnes då han deltok med tre elevar på Model United Nations (MUN) i Croydon i 1990; eit FN i miniformat med elevar frå europeiske skular. Dette la grunnlaget for eit rollespel med mål å gi elevane innsyn

i og forståing av det parlamentariske systemet vårt, som for mange verka noko abstrakt.

I 1993 danna elevane våre regjering og presidentkap. Det blei gjennomført tre større debattar i plenum; trontaleordskifte, spørjetime og EF-debatt med heile 40 innlegg med voterigar. I tillegg var det stor aktivitet i partigrupper og fagkomitéar. Malen for det første miniStortinget danna grunnlaget for alle seinare mS.

På laget hadde skulen kvart år Stortingets skoleinformasjon. Stortingsrepresentantar (Gunnar Fatland, Magnhild Meltevit Kleppa og Hallgeir Langeland) var trufaste gjester. Arbeidet førte til positivt omdømme i skolemiljøet - og positiv omtale i media. For miniStortinget fekk skulen Rogaland fylke sin første kvalitetspris.

MiniStortinget 2008 (Foto: Morten Hetland)



NATURBRUK

Naturbruk er ei utdanning retta mot næringar du finn i den blå åkeren.

Ei praksisnær opplæring som foregår i tett samarbeid med lokale bedrifter, der teori og praksis går hand i hand.

Etter Vg1 naturbruk kan du velja mellom Vg2 fiske og fangst og Vg2 akvakultur, begge med to års læretid.

Frå hausten 2019 kan du også ta Vg3 naturbruk som gir studiekompetanse.

For meir info om utdanninga til næringa i vekst sjå strand.vgs.no





Navn:
Ørjan Klev Ladstein
Stilling:
Student, UIS (førskolelærar, studerer nå religion)

Bor:
Finnøy
Elev:
2011 - 2014

ENTRYGG OG NÆR RAMME PÅ TAU

Av Ørjan Klev Ladstein

For meg ble skoletida på Strand vgs og Tau på mange måter en plass jeg lærte å kjenne meg selv etter usikre og litt vanskelige år på ungdomskolen. Der dukket det nå opp nye muligheter, og skolevalget var i grunnen aldri vanskelig for min del.

Strand vgs - hva kan man si som andre ikke har sagt, skrevet eller tenkt før? Uansett så får vi gi dette et forsøk. Jeg bor på Finnøy og måtte reise med båt både om jeg skulle til byen eller Strand og den videregående skolen. Reisen til byen hver dag var av flere årsaker ikke aktuell, det samme var tanken på å bo borte fra familien min. For min del var det i grunnen kun ett alternativ og i mine øyne var det beste altså Strand.

... selv om kunnskap er viktig, så er det ingenting som slår fantasien

Det lokale

At skolen holder til lokalt, med kjente og trygge omgivelser er noe som ikke kan undervurderes. Følelsen når du går i gangen og ser fjes, både blant elever og lærere som du kjenner. Følelsen av at alle kjenner alle er viktig, det gir følelse av å være hjemme. Lærerne så hver enkelt av oss for den vi var og hjalp oss til å få ut det beste.

Undrende og skapende

Skolen som en læringsarena er viktig. Et av mine personlige største ønsker er kunnskap, å lære - å søke etter noe å lære som jeg ikke kan fra før. Gleden av å forstå en sammenheng og konsekvens av for eksempel historiske hendelser. Men, selv om kunnskap er viktig er det likevel ingen ting som slår fantasiene, for som Einstein har sagt: "Imagination is more im-

portant than knowledge. For knowledge is limited, whereas imagination embraces the entire world, stimulating progress, giving birth to evolution." Dette er i grunnen mitt største ønske at skolen skal lære oss. For det er kun gjennom fantasiene at vi kommer videre.

Evnens til å undre seg over noe vi ikke kjenner til, gleden ved å finne ut hva som ligger over i den neste dalen. For det viktigste i livet er ikke hvor rik man er eller hvor mange venner du har. Det viktigste er, som alle foreldre vet, gleden av å være lykkelig. For som Nelson Mandela en gang i tiden sa: "May your choices reflect your hopes, not your fears".

Slik som Brian Adams synger i "I will always return". For min del er det ikke noe som kan måle seg med hjemme; å være en plass hvor du kjenner stort sett alle, og hver vei, hvert hus og hvert tre. Det er ikke noe som kan

måle seg mot det. Jeg har et spesielt minne jeg tenker på. - Før når det var tid for å kjøre skit var jeg alltid irritert over at bøndene skulle ødelegge enda en dag. Nå når jeg kjenner lukten er det som å komme hjem igjen og oppleve barndommens dag på ny - uten bekymringer om hva fremtiden måtte bringe.

Finnøy mer enn byen

Å holde på det lokale er viktig. For meg som kommer fra Finnøy og som snart skal bli del av den nye Stavanger kommune, er jeg veldig spent på hvordan det kommer til å gå. Slik jeg ser det er det tre ting som kan skje;

- at vi mister det som har gjort Finnøy til Finnøy
- at det blir mer eller mindre slik vi har det i dag - eller
- slik som jeg håper, at den lokale drivkraften øker og at du merker klart og tydelig at du er kommet til Finnøy, og ikke bare til en del av Stavanger

Muligheten til å kunne lære av hverandre er noe som er mulig i alle sammenhenger. Alle kan bli bedre ved å se på hvordan andre har gjort det. Det å gå fra skole til arbeid kan være tøft for mange. Hvordan er det mulig å endre dette? Universitetene rundt omkring i Norge reiser rundt og har åpne dager, mange bedrifter har noe av det samme, men å legge enda større vekt på det bør være mulig. Bedriftene må gjøre det mulig for studenten å møte arbeidslivet i feriene. Å skape arenaer for elever og studenter slik at en får prøve ut teorien en lærer for å se hva man ønsker å ende opp som. At vi som region også klarer å beholde de unge er viktig. At vi derfor er bevisste på å ta med oss det lokale og foredle det videre slik at vi fortsatt merker en forskjell.

Geografiens utfordring

Gratis skoleskyss hadde vært fint, eller stipend som dekket kostnadene til ungdomskort gjennom skoleåret. Mulig dette har endret seg nå, men i min tid gikk ikke det regnestykket opp. Og litt i samme gate - mulighet for å komme frem og tilbake til skolen og skolekamerater, spesielt i helgene. Her er det feige lag, avhengig av hvor man bor.

Å forstå hvorfor – å erfare

Kunne ikke hele skolesystemet trenge en overhaling? Den teoretiske arenaen der praktisk kunnskap og øvelse nesten er helt fraværende. Der elever opplever teori opp mot det å erfare og ved det å tenke selv. For som Einstein en gang sa: "Knowledge is having the right answer, intelligence is asking the right question".

Å kunne skape en norm hvor det er spørsmålne og ikke nødvendigvis svarene man er på jakt etter. Hvor vi som mennesker må tenke selv og komme frem til egne svar og ikke bare finne det i en bok noen har skrevet. Regionen kunne, som nevnt tidligere, bidra sterkere til dette ved å åpne dørene sine slik at teori kunne prøves i praksis, og bøte på den manglende utfordringen en teoretisk skole innenfor de studiespesialiserende fagene byr på.

For som en vis mann sa - "The greatest glory in living lies not in never falling, but in rising every time we fall." Å kunne prøve seg fram på ulike områder, å finne ut hva det er man selv ønsker og hva man selv brenner for, gir bedre grunnlag for det danningsoppdraget skolen har.

Alle kan bli bedre ved å se på hvordan andre har gjort det

EIN TORNADO FRÅ RYFYLKE

Etter ein idedugnad i 2008 gjekk Ryfylke inn for ein logo som skulle bli regionen sitt varemerke. Regionen peika på den 12 år gamle Ørjan Klev Ladstein frå Finnøy si teknig som grunnlag for logo.

"Eg tenkte på ein tornado som eg såg på eit spel", sa Ladstein til nrk.no då han blei kåra som vinner og tok i mot 1000 kr i premie. Logoen har nok stått seg betre enn pengepremien. I dag har omlag 170 bedrifter og organisasjoner knytta seg til Ryfylkealliansen, som arbeider for å gjere Ryfylke meir synleg nasjonalt og internasjonalt.

I samband med merkevareprosjektet var det ei skrivetevling der elevar blei utfordra på kva Ryfylke var for dei. Mange skreiv, og nokre av dei som blei trekte fram vart seinare elevar ved Strand vgs.

Å læra gjennom å gjera

No hoppar me ombord i ein båt og kører av stad til ein av dei nærmaste holmane. Her stoppar me båten og hiv ut fiskesnøret og venter på napp. Det tek ikkje lang tid før fiskane nappar i snøret og me dreg opp tre fine makrellar. Me går i land på holmen og fyrer opp eit bål og steikar makrellen. Slik er litt av livet i Ryfylke. Litt av mitt Ryfylke.

Ruth Nordbø, Finnøy sentralskule



Ryfylke®

Det romslege

Eg har ein onkel som bur i Randaberg kommune og han seier at Ryfylke er "pir fullt av originalar".

Randi Helene Sørhus, Hjelmeland ungdomsskule

Minne kan gjera det småe stort

Eg oppfattar det å bu på ein litt liten plass, som å vera mykje meir sosialt enn å bu på ein store plass. Ein kunne aldri ha drøymt om å gjera det same i Oslo. Viss eg skulle ha kjent alle i Oslo, då måtte eg ha vore flink til å hugse namn!

Peder Østhush, Finnøy Sentralskule

Å veta kor røtene er

Når for eksempel nokon frå Oslo spør deg "Hvor kommer du frå?", er det ofte enklast å berre svare Stavanger. Heller det enn å leggi ut om innvikla ferjeruter og bussturar frå Stavanger. Men kvifor skal me gjera det så enkelt for dei? Der som dei ikkje veit kor Fiskå er, kan dei vel heller sjå etter i atlas!"

Elin Brekke, Jørpeland ungdomsskule

Å stå på krava

Eg skal bu her alltid, for når du er vand med ein stad og er fornøgd med den, så vil du ikkje flytte, iallfall ikkje eg.

Elisabeth Idsø, Jørpeland



Namn:
Stilling:
Bur:
Elev:

Hanne Stokka (23)
Jobbar på Kiwi Jørpeland
Jørpeland
2012 - 2015

KVAR DAG ER EI GLEDE FOR HANNE

Av Heidi Hjorteland

Hanne ser fram til å gå på jobb kvar dag, på same måte som ho alltid gledde seg til å gå på skulen, fortel mamma Torhild Pedersen og ser smilande bort på jenta si, som er kledd i grøne Kiwi-klede.

23-åringen er akkurat komen frå jobb. Me møter mor og dotter i Nav Jørpeland sine lokale kor Torhild har sin arbeidsplass.

Ei stå-på-jente

Dotter mi har svært høg arbeidsmoral, og er nesten aldri sjuk, så ho er sjeldan borte frå jobb, fortel ei kry mor.

Hanne Stokka som har Downs syndrom gjekk på tilrettelagt avdeling ved Strand videregående skole i tre år, frå 2012 til 2015. I snart sju år har ho jobba i butikken, dei siste åra på full tid.

I følgje Hanne sjølv har ho fått drøymejobben. For foreldra var det viktig at ho ikkje miste kontakten med arbeidsplassen medan ho gjekk på vidaregående og Torhild Pedersen fortel at skulen viste stor samarbeidsvilje.

Medan ho gjekk på skulen var ein av lærarane med henne dei dagane ho var på jobb. Etter avslutta skulegang arbeidde Hanne stadig meir i butikken.

For Hannes foreldre var det viktig å få dottera ut i arbeidslivet så tidleg som råd. Ho gjekk difor berre tre år på tilrettelagt avdeling, men kunne gått fire.

Foreldra og Hanne meinte det ikkje var naudsynt med meir skulegang sidan ho fekk jobb.

23-åringen har fått varig tilrettelagt arbeid på ein ordinær arbeidsplass gjennom Nav. Slike plassar er ikkje lenger tilgjengelege. Hanne fekk plass like før ordninga tok slutt.

Dette gjer Hanne godt

Torhild Pedersen er veldig takksam for at dottera fekk jobb på Kiwi, fordi ho meiner Hanne får ei betre utvikling og meir stimuli av å vera på ein vanleg arbeidsplass, enn i ei verna bedrift.

Hanne er eit fullverdig medlem av arbeidstokken og er difor med på både personalmøte, julebord og andre tilstellingar i regi av jobben.

Eg møter mange som seier "hei" til meg når eg jobbar, og så hjelper eg kundar som leitar etter ting, seier Hanne som snart skal heim og lada seg opp til ein morgondag ho veit blir ekstra travel.

Hanne har kontrollen

Mamma Torhild seier Hannes gode hukommelse er til stor hjelp i butikkjobben.

God husk er nyttig når du skal ha oversikt over kvar varene ligg og kva som er på tilbod, påpeiker ho.

Kvifor blir det så travelt i morgen?

Då er det nemleg Trippel-Trumf med mange gode tilbod, forklarar Hanne smilande.

Hennar oppgåver i butikken er mellom anna å halda orden i fruktdiskens, tørrvarene og på kjølerommet. I tillegg jobbar ho i panteavdelinga.



Alle oppgåvene er like kjekke, forsikrar ho.

På skulen var mat og helse favorittfaget. Men Hanne likte også godt faga der ho måtte lesa og skriva. Leksene var aldri noko ork.

Hanne hadde både norsk, samfunnsfag, engelsk og matte på skulen. I tillegg er ho ganske stolt av at ho klarte å ta bussen åleine frå heimen på Jørpeland og til skulen på Tau.

Hanne vedgår at ho saknar elevar og lærarane på Strand videregående. Somme treff ho framleis på fritidsaktivitetar.

Kiwi tek samfunnsansvar

Torhild Pedersen er glad for at butikkjeda Kiwi tek samfunnsansvar og tilbyr arbeid til dei som elles fort hadde falle utanfor arbeidslivet. Mor til Hanne meiner Strand videregående også framover må leita etter måtar denne elevgruppa kan komma seg inn i ordinært arbeidsliv på. Venstelistene til arbeidsmarknadsbedrifta Avanti er nemleg ofte lange.

Ho er også glad for å ha ein videregåande skule med tilrettelagt opplæring i heimkommunen, slik at Hanne slapp å reise langt av garde for å få skulegong.

Hanne vil visa oss arbeidsplassen sin, og legg med lette steg av garde gjennom Jørpeland sentrum i januarskumringa.

Før fotograferinga må dei fargesterke joggeskorne av, og erstattast med grønt jobbefottøy. For Hanne driv ikkje med tull. Grønt skal det vera, frå topp til tå.

TILRETTELAGD AVDELING

Å vera og å gjera

SKREDDARSAUM

Utdanningstilbodet blir skreddarsydd til den enkelte, fortel avdelingsleiar Anne-Kristine Sirnes. Avdelinga har fire arbeidstreningsklassar, ein kvardagslivsklasse og ein klasse som heiter grunnkompetanse.

IKKJE BERRE UTVIKLINGSHEMMA

Tilbodet på tilrettelagt avdeling sorterer under spesialundervisning. Elevar som ikkje har fullført grunnskulen, elevar som slit med motivasjon og psykiske vanskar, har òg rett på spesialundervisning hjå oss, forklarer Anne-Kristine Sirnes. Elevar som seinare kan gå vidare i den ordinære undervisninga.

Me er altså ikkje berre ei avdeling for elevar med psykisk utviklingshemming, slik mange trur.

ALLE KLARER NOKO

Mottoet er at alle kan klara noko, og saman med eleven legg me opp læringsarbeidet slik at den enkelte kan nå måla sine,

understrekar Sirnes. Ho nemner elevbedrifta "Godt Gjort" som ei nyttig nyvinning for elevane på avdelinga.

I staden for å leika butikk, har elevane fått sin eigen, ekte butikk, seier Sirnes, og legg til at avdelinga har fleire slike konkrete læringsoppgåver.

SKULEN SKAL VERA EI BRU

Ifølgje avdelingsleiaren skal skulen fungera som ei bru over til tilrettelagt arbeid eller til arbeid i ordinær bedrift. Ikke alle kan arbeida, og desse prøver skulen å førebu til eit framtidig dagtilbod.

Elevane kan gå totalt fire år på tilrettelagt avdeling, og Sirnes rosar lokale bedrifter for å ta stort samfunnsansvar. - Me må ikkje gløyma at det for alle er viktig å ha noko å stå opp til om morgonen, og ho opplever at det i dag er lettare å få elevane inn i ordinære bedrifter enn før.

– Elevane våre er særsmotiverte og har mykje å gi, og det har fleire arbeidsgjevarar etter kvart fått erfara, fortel Anne-Kristine Sirnes.



Namn: **Ellen Dorrit Petersen**
Stilling: Skodespelar
Bur: Son i Vestby kommune
Elev: 1991 – 1994

DET BESTE VAR FRITIMANE

Av Ellen Dorrit Petersen

Å forstå si samtid har mennesket som art eit dårleg rykte for. Men dei som kjenner historia, kan unngå å gjere dei same feila, som dei gjorde, dei vi i ettertida dømer som feige og slemme. Vi – oljefolket, - som forsøker å kjøpe oss ut av både klimakovter og flyktningekrisa, vi kjem til å bli dømde av våre etterkommarar. Det er greit for meg. Eg trur vi veit at vi ikkje er på heilt rett veg no.

Det er ei anna verd no, enn då eg gjekk på vidaregåande. Den gongen, på nittitalet, var vi nøgde med at vi hadde sluttå å dumpa kvitvarene våre i Bjørheimsvatnet, hadde slutta med hårspray som laga hol i ozonlaget og hadde sluttå å hiva isoporen rett på bålet. Inspektøren på Tau Ungdomsskule samla flaskene vi kasta i vegkanten - for kva var vel ei krone når ein fekk ny vekeløn på fredagen, mest heilt utan å gjere nokon ting? Fekk ein gode karakterar, kunne ein til og med, i enkelte familiar, tene ekstra. Inspektøren finansierte ein bil med dei flaskene, har eg hørt. Han burde vel og ha fått ein pris for miljøinnsats.

Eg gjekk på allmennfag. Ikkje nødvendigvis fordi eg så gjerne ville det, men det var slik det var den gongen. Dersom ein skulle velja utradisjonelt, skulle ein ha spesielle grunnar til det, aller helst spesielle talent. Akkurat det der har vel endra seg noko med åra. Vi var ikkje så mange den gongen som kjende oss særskilt spesielle. No kan ein derimot få inn-

trykk av at kvar einaste femtenåring har ambisjonar langt over gjennomsnittet. I tillegg har dei tenkt meir, øvd meir og lese meir. Dei er veganarar, pelsmotstandarar og forkjemparar for ulven. Dei snakkar perfekt amerikansk, og har reist over heile verda. Dei lyfter ikkje eit augnebryn over homo eller framandspråkleg, og har på ein merkeleg måte klart å omfamna både individualisme og kollektiv tenking.

Dette er synsing. Berre synsing. Men tendensane i ungdomskulturen er av det gode slaget, syns eg, vi bør lytte til dei. Dei kjem og til å leve ekstremt lenge, så sunne som dei er. Så vi kan sjå fram til mange år med tolerante og innovative menneske i styre og stell. For ikkje å snakke om kva slags kvalitetsmenneske som kjem til å sjå etter oss på gamleheimen. Om vi ikkje rekk å øydelegga dei med framandsfrykta og grådigheita vår då.

Skuespillerinden

August 1991. Den fyrste dagen. Strekkbukse, lakkssko, kvit bluse med utsving og svart hårband. Mor mi hadde til tider kalla meg "min datter, skuespillerinden" (ja, med d), då ho såg meg i dei kleda.

Eg hang rundt like innanfor inngangsdørene, der alle hang, og kjende meg bortkommen

og utilpass. Eg syns ikkje eg fekk nok merksmed kring kleda mine. Eg ville vere usynleg på eitt vis, men så var det likevel vanskeleg at ingen såg meg. Eg la merke til ei som heitte Elin Moen. Ho lo heile tida og såg ut som ho eigde plassen. Vi fekk ein norsk-canadiar, eller ein canadian-norsk, som klasseforstandar, og eg hugsar det var kjekt at vi samla oss om å herme etter aksenten hans. Det gav meg eit lite fortynn, for det var ein av dei få tinga eg kjende meg ganske trygg på; å herme etter måten folk snakka på. Eg forelska meg i ein klassekamerat i løpet av den første veka, og heldt fram trufast avstandsforelska gjennom tre år. Berre avbroke den gongen han fekk seg kjærast. Då forelsa eg meg - på trass - i ein 29-åring frå Sauda. Det og på avstand, sjølvsagt.

Norsk-canadiaren var imponerande ivrig til å lære oss matematikk. Og det var overraskande vanskeleg. Eg gjekk rett frå min vante M frå ungdomsskulen til ein saftig 2+ på fyrste matteprøve. Rune, som han heitte, han med den kjekke aksenten, ville teste kva vi kunne.

Eg kunne mykje mindre enn eg trudde. Og som eit vondt varsku frå framtida, breidde ordet om seg; det vert MYKJE vanskelegare i andre klasse. Du skal IKKJE ta fysikk-matten om du ikkje allereie i første klasse er heilt i toppen i faget. Men, eg strevde meg gjennom det, karra til meg 5-aren med eit naudskrik, og valde frå øverste hylle: Fransk. Og Engelsk. Inst inne tykte eg det var synd at eg ikkje kunne ta vegen om realfaga på grunn av den dumme matten, for ein av fleire ungdomsdraumar var å bli forskar. Eg drøymde om å løysa alt som omhandla demens og Alzheimers. Ein episode i familien hadde gjort sterkt inntrykk på meg. Ein grandonkel som ikkje hadde kjent kona si på fleire

år, vart av ein sjukepleiar gjort merksam på kvinna som kom gåande i enden av gangen. "Kven er det?" spurte sjukepleiaren. "Det er min kone!" svarte han. Då kona nådde fram til dei, såg han på ho og sa med eit stort smil: "Hvem er du?"

Kva skjedde i hjernen hans i augneblinken då han kjende ho att? Det var eit stort mysterium, og eg ville så gjerne finne ut av det. Men fysikkmatte? Nei, DET høyrdest rett og slett for skummelt ut. Eg tenkte berre: "Vekk med det, alt handlar om eit godt vitnemål, dette er for vanskeleg for meg. Alzheimers-schmalzheimers, det er sikkert nokon andre som løyser det der."

Dei seinare år har det vore somme skriverier om at talet på søkjrarar til realfag på høgskulane har gått ned. Om jentene ligg bak eller ikkje, hugser eg ikkje, men vi var i alle fall i klar overvekt på språkfaga. Var vi

lette å skremma? Trudde vi at språkfaga var den enkle vegen til høgt snitt og mange val på høgskulen? Var vi meir ambisiøse for vitnemål og karakterar enn for læring? Eller var det berre eg? Eg trur likevel eg er ein god representant for eit brukbart hovud på smale skuldre, om metaforen kjem over. Eg var i all hovudsak orientert om at det var flaut med därlege karakterar, og at det ville gje meg færre val i framtida med eit svakt vitnemål. Eg var ikkje spesielt opptatt av kva eg lærte.

Det beste med vidaregåande var at vi hadde fritimar. Enkelte kalla det studietimar. Ikkje eg. Og det er vel her eg avslører meg. Eg var nok alltid aller mest oppteken av å halde på med alt det andre. Eg hadde ikkje stamina til å sitje og knekka molekyl-strukturar når det stod eit piano i kantina. Elin Moen - ho som lo så mykje den fyrste dagen - og eg, vi song i

fritimane. Vi song ekstra høgt kvar gong Erik Danielsen og Bjørn Vige gjekk forbi. Erik såg alltid ut som han hadde veldig god tid, sjølv om han tilsynelatande ignorerte oss, medan Bjørn hasta forbi med gitaren og eit smil og ein vink og travelhet i håret. Vi var tulleavstandsforelska i Erik, og blei ganske gode i gym. Ein skal ikkje underkjenne behovet for å imponere.

Skulen arrangerte miniStorting for første gong, og eg hugsar hjelmelandsjentene som tidlegare hadde hatt Magnhild Meltveit Kleppa som lærar, bløma som vaksne kvinner der dei gjekk inn i rolla si som Stortingspresident, regjeringsmedlem og opposisjonelle. Eg på mi side var mest opptatt av om dei ville komma til å trenge underhaldning. Motet eg mangla då eg lurte på realfaga,

var ikkje mangelvare då eg blei med og tok ansvaret for å underhalde heile Sør-Vestlandets politiske framtid. Elin Moen var med, sjølvsagt, Jan Arild Skappel kom inn frå sidelinja med eit skodespelalent å ta av seg hatten for. Og ikkje minst, den nokon eldre raddisen Østen Vige Bergøy var der, med kvitskjorta og skinnvesten og røysta si. Då eg mista stemma, sikkert av stress, like før førestillinga, kom han med whisky-flaska si og sa: Drikk Ellen. Så gjekk vi ut, alle fire trur eg, og song Muddy Water Blues på ein liten promille for dei samfunnsengasjerte. Det er klart, ein kjänner jo kvar ein høyrer til.


Det var i sommarferien, det tredje året var avslutta, og eg hadde vel litt vanskeleg for å gje slepp. Det var ein sånn selja-bökene-dag. Eg hadde vore pliktoppfyllande og brukta den gule tusjen mykje, så bökene var lettselde til elevar som tenkte at grovarbeidet alt var gjort. Med tom sekk sat eg, utan at eg kan hugsa korleis eg kom dit, på ein benk utanfor skulen med klasseforstandaren min gjennom to år. Det kjem til å gå bra med deg, Ellen, du som har eit slikt vinnande vesen, sa han.

Eg veit ikkje om det er allment, det der at du kan kjenna blodet brusa i hovudet når nokon seier noko overraskande fint om deg. Eg var

- gjennom heile min skulegong - aller mest opptatt av å vera flink. Gjennom prestasjonar kunne eg vinna respekt, og sjølvrespekt. Eit vinnande vesen, eg kunne knapt klare å begripe kva

det romma, men eg vart heilt, inderleg og grusomt glad. Eg som tok imot prøven i tysk og begynte å ropa til dei andre så fort eg såg karakteren; Sunniva, ka FEKK du, Irene, ka fekk DU? Eg var ikkje noko vinnande vesen i det heile. Eg var eit karakterdrive, nevrotisk menneske. Eg var eit vinnarhovud. Som ikkje nådde heilt i mål, i følge mine eigne standardar. Men likevel, så sa han det. Og det var klokt, for eg mjukna. Eg kjende vel då, som no, at det kjens betre. At nokon seier noko fint om det du er, framfor det du gjer.

Kvar veke vaskar Sissel Fyljesvoll Larsen og dei seks andre reinhaldsoperatørane på Strand videregående skole rundt 10.000 kvadratmeter med skulebygg på Tau. Sidan ho begynte i jobben 18. mai 1992 har 55-åringen sett arbeidsplassen veksa.



HELD ORDEN PÅ BÅDE SKULE OG FOLK

Av Elin Moen Karlsen

I pauserommet reinhaldsoperatørane deler med dei tre byggdriftarane nede i kjellaren på Strand vgs sit Larsen og smører hendene med "Hand Medic".

Ho startar på jobb tidleg, så tidleg at ho helst ikkje vil snakka om det, og er dermed også tidleg ferdig for dagen.

– Klasseromma skal jo vera ferdig vaska til skuledagen startar, fortalar Larsen.

Ho kom frå jobben som kassadame på matbutikken Nessa på Jørpeland. Ho begynte først i eit vikariat, men blei fast tilsett etter eitt år. For 20 år sidan tok ho fagbrevet som reinhaldsoperatør.

Då ho begynte på den vidaregåande skulen var det mellom 40 og 50 tilsette. Nå er det 110. Elevtalet har stige frå 360 til cirka 580. Den fysiske storleiken på skulen har også auka betrakteleg.

– Både Sørbygget (tilrettelagt avdeling), fotballhallen, akvabygget, hybelhuset, lokalet på kaien og i Nordmarka har kome til sidan eg begynte i jobben. Nå blir det også planlagt eit nytt bygg, fortel leiaren for reinhaldsoperatørane.

I desember avgjorde fylkestinget at skulen skal byggast ut for 240 millionar kroner. Utvidinga skal vera klar i 2025. Sissel Fyljesvoll Larsen synest det er positivt at arbeidsplassen hennar stadig veks.

Aktive og spreke namnesystrer

For to år sidan fekk ho ein ny kollega frå Finnøy, då Strand vgs si avdeling på Rygjabø blei flytta til Tau. Namnesystera Sissel Bokn (52) hadde jobba som reinhaldsoperatør på skulen på Rygjabø sidan 2007. På bordet framføre den sprudlande og munnrappe finnøybuen ligg ei appelsin.

Dei to kollegaene er glade i å halda seg i form. Jørpelands-Sissel går mykje tur i fjellet, medan namnesystera frå Finnøy driv aktivt med baneskyting. Kvar onsdag føremiddag har dei ein time trening i arbeidstida. Då hendar det at Finnøy-Sissel blir dratt med på tur i Strand-fjella av Jørpelands-Sissel.

– Me er sporty damer me, altså. Me skal springa Ryfastløpet. Det skal eg klara om eg så skal krypa gjennom, slår Bokn fast.

Dei synest begge det er forfriskande å jobba i eit miljø med så mange ungdommar.

– Me kjem ikkje på at me er så gamle, heller, ler Sissel Bokn.

– Men elevane synest nok me er veldig gamle, legg Larsen smilande til.

På dagtid vaskar reinhaldarane i rom der mange av elevane oppheld seg.

– Me drøsar ofte med ungdommane, fortel Bokn.



BLEI FLYTTA OVER: Då Rygjabø blei lagt ned for to år sidan, fekk Sissel Bokn ein ny arbeidskvartdag på Tau

– Eg trivst veldig godt i jobben. Det handlar om folka eg jobbar med, fridomen eg har i jobben og om arbeidstida, svarer Larsen.

– Det er eit veldig godt miljø på skulen, legg ho til.

På Finnøy var dei bare to reinhaldarar.

– Eg var ikkje heilt nøgd til å begynna med då eg måtte begynna å pendla hit og syntest det var trist lenge at Rygjabø blei lagt ned, men eg vende meg til det etter kvart. Her er det jo eit større miljø, så det blir sosialt og det er ein fin gjeng som jobbar her. Me har det "grævla" løye på jobb, fortel Bokn.

– Eg hadde jo ikkje gidda å pendla til Tau, viss eg ikkje hadde trivdest, held ho fram.

Skulen sysselset mange

– Kva trur de den vidaregåande skulen betyr for lokalsamfunnet?

– Arbeidsplassar, seier dei to reinhaldsoperatørane nesten i kor.

– Skulen har jo blitt ein av dei største arbeidsplassane i Strand, forklarer Larsen.

– Har posisjonen til skulen endra seg i løpet av åra?

– Eg føler skulen har blitt meir som eit kulturhus, seier Bokn.

– Det kjem også elevar frå stadig fleire stader, i tillegg til Strand, Forsand, Hjelmeland og Finnøy. Då akvakultur kom til skulen fekk me elevar frå omrent heile landet, legg Larsen til.

Reinhaldsleiaren peikar på at måten undervisninga går føre seg på har også endra seg.

– Det går føre meir arbeid nå enn før, det er ikkje bare undervisning. Elevane sit også litt

andre stader enn bare i klasserommet og jobbar. Dei sit for eksempel ute og jobbar om det er vêr til det, seier Larsen.

Begge reinhaldarane er stolte av arbeidsplassen sin.

– Strand vgs skårar godt når det gjeld resultat, det må me vera stolte av, for det har dei jobba hardt for å få til. Skulen jobbar godt med mottoet sitt om å få fram det beste i den enkelte, seier Sissel Fyljesvoll Larsen.

Faren hennar, Olav Larsen, jobba for øvrig som lærar på den vidaregåande skulen i over 30 år. Sjølv gjekk ho på skulen då den heldt til på Jørpeland. Då gjekk ho handelsskulen.

Vaktmeister Reimund Fiskå stikk hovudet spørjande inn døra.

– Det står ein pall med varer til dykk opp, men me kan ta det i morgen, seier han då han forstår at dei to kollegaene er midt i eit intervju.

Høyrer skryt frå elevane

Sissel Bokn pendlar på båten saman med elevane.

– Elevane som pendlar snakkar veldig positivt om skulen og om at dei har det kjekt, fortel ho.

Dei har begge fagbrev som reinhaldsoperatørar og er veldig opptatte av å vera stolte av yrket dei har valt.

– Det er ein del som ser litt ned på det å vera "vaskedame", som dei kallar det, men jobben vår handlar om så mykje meir enn å vaska, seier Larsen.

– Når det blir snakka om reinhald i media er det ofte eit litt negativt fokus. Då handlar det ofte om dårlig reinhald, men det er mange dyktige reinhaldarar i Noreg, slår Bokn fast.

– Yrket blir snakka ned på ein litt nedlatande måte. Me driv også med service, me er miljøarbeidarar og observatørar, held ho fram.

– Me veit om det meste som skjer i bygget, legg Larsen til.

Sjølv om dei opplever at folk utanfrå kan sjå ned på yrket deira, føler dei seg som ein integrert del av kolleget på Strand vgs.

– Me er tilsette på lik linje med alle dei andre tilsette og får vera med på alt, fortel Larsen.

På den eine veggen i pauserommet i kjellaren heng eit litt større brunraudt maleri signert Viha. Reinhaladarane fortel at det var maleri- et sonen til den eine vaktmeisteren malte for



TIDLEGE MORGONAR: Sissel Fyljesvoll Larsen er den første som kjem på jobb om morgonane og gjer klasseromma klare til elevane kjem.

ein del år sidan som kopi av eit bilde rektoren hadde på kontoret sitt.

Originalen blei fjerna og kopien hengt opp. Det gjekk lang tid før rektor Erik Danielsen merka bytet. Ryktet seier at han måtte bli gjort merksam på det før han såg det.

Rektor skryt av reinhaldarane

– Det som er veldig kjekt med reinhaldarane våre er at dei viser interesse for ungdommane. Dei registerer det viss nokre er litt aleine eller noko går føre seg. Då tar dei sjølve kontakt med ungdommane eller dei gjev beskjed til oss, seier Erik Danielsen om sine tilsette.

– Dei er dermed med og bidrar til at ungdommane trivst og jobbar saman med oss for visjonen vår, legg han til.

Danielsen er og nøgd med korleis dei utøvar faget sitt.

– Det er alltid ryddig og reint. Størstedelen av reinhaldsarbeidet går også føre seg når elevane er på skulen.

Viss det skjer noko er reinhaldarane på plassen og ryddar opp med ein gong. Når det er reint og ryddig heile tida blir det ein kultur blant elevane også på å rydda etter seg, meiner rektoren.

– Eg trur utfordringa deira er at det kjem 300 nye elevar på skulen kvart år, som må lærast litt opp, held han fram.

Sissel Fyljesvoll Larsen fortel at skulen får mange gode tilbakemeldingar på reinhaldet.

– Når det kjem folk utanfrå innom, kommenterer dei at det er ein flott og rein skule, seier reinhaldsleiaren.

Det er ikkje så enkelt å rekruttera nye reinhaldarar.

– Det er ei utfordring å få tak i nye folk, og dei me får tak i snakkar ofte ikkje norsk. Då

blir det ofte litt problem knytt til språk, seier Larsen.

Fire av dei sju reinhaldarane på Strand vgs er norske.

– Dei som ikkje er norske er både flinke og kjekke, men det blir ein del utfordringar på grunn av språket, peikar Larsen på.

Trur skulen vil veksa meir

Larsen og Bokn opplever at det å jobba i skulen og i det offentlege er trygt og godt. Dei trur den vidaregåande skulen på Tau stadig vil veksa. Dei trur Ryfast også kjem til å ha ein positiv effekt på utviklinga av skulen.

– Då kan det vera like lett for ungdommar på Hundvåg å velja Strand vgs som skular i Stavanger, trur dei.

Når det er reint og ryddig heile tida blir det ein kultur blant elevane óg

Ein liten og velbrukt trekloss blir sparka på plass under døra inn til eit klasserom. Ei spruteflaske det står "Spring clean" på heng på tralla. Dei skal prøva å svinga moppene i takt til ære for fotografen, men det nyttar ikkje.

Sissel Bokn har sin eigen takt, og då er det "Tango for to" ho anten syng høgt eller inni seg. Den melodien fungerer godt både til å svinga moppen og til å kjøra poleringsmaskinen fram og tilbake i rett rytme, røpar ho.

Det er ikkje lenger mykje vatn dei har med seg i bøtta når dei vaskar. Det er bare når dei skal vaska av "whiteboard"-tavlene.

– Me bruker fuktige microklutar og micromoppar, i tillegg til golvaskemaskinar. Me har stort sett bare med oss ei spruteflaske med litt vatn, forklarer Larsen.

Dei er begge organiserte i Fagforbundet og

jobbar i full stilling. Sjølv om dei er nøgde med jobben og arbeidsmiljøet, er ikkje løna så mykje å skryta av, synest dei.

Det er mandag og lunsjtid i veka etter. Sissel Fyljesvoll Larsen sit og et skive med laks på pauserommet saman med to kollegaer. Sissel Bokn avspaserer denne dagen.

– Ho jobbar litt lenger kvar dag, for at det skal klappa med båtane, så då avspaserer ho innimellan, forklarer Larsen.


– Opplever de skulen som ein fleksibel arbeidsplass?

– Ja, absolutt. Me styrer mykje sjølv, og det handlar om å gje og ta, sluttar reinhaldsleiaren.

GOD TONE: Sissel Fyljesvoll Larsen og Sissel Bokn skryt av det gode miljøet på skulen.



å verka og tilverka



TIP (Teknikk og industriell produksjon)

Har du teknisk legning? Likar du å mekka og sjå eit produkt bli til? Teknikk og industriell produksjon (TIP) legg grunnlaget for spennande jobbar. Skulen har ein godt utbygd verkstad der mykje av undervisinga og praksisen skjer.

To år på skulen og to år i lære og du kan gå opp til fagprøve. Ei utdanningsretning som gir relevant erfaring og grunnlaget for ei framtid.

Spennande? Les meir på nettstaden vår: strand.vgs.no



EN SMAKEBIT PÅ ARBEIDSLIVET

Av Tale Siem, Live Strømsnes og Rina Fjetland

Service og samferdsel er en yrkesfaglig linje som byr på mange jobbmuligheter. Du kan jobbe innen turisme eller hotellnæringen, bli kontormedarbeider, drive med salg eller starte egen bedrift.

Maren Sofie Lande Nesvåg er 16 år, hun bor på Tau og er elev på første året på Service og samferdsel på Strand videregående skole. Hun har fått praksisplass på Ostehuset i Stavanger.

Fint avbrekk

Elevene som går Service og samferdsel kan selv velge hvor de vil være i praksis, så lenge bedriften de vil prøve seg i vil ta imot dem. Dette var ikke et problem for Maren. Hun prøvde seg som nevnt på Ostehuset i Stavanger og fikk ja med en gang.

- For mange kan det være en utfordring å finne praksisplass, men da har vi skolen og lærere som hjelper oss med å finne en plass i praksisperioden. For eksempel er det noen som er i kantinen på skolen, noen er i matbutikker eller på Ikea, sier Maren.

Hun sier at overgangen fra skole til arbeidslivet er ganske stor, men at det er fint å få et avbrekk i en ellers lang og slitsom skoleuke. Hun sier at det å være i praksis er en veldig

god måte å lære det de har om på skolen, siden de bruker det de lærer i praksisen.


Maren har blitt tatt godt imot av de andre ansatte på arbeidsplassen, hvor hun har vært hver onsdag siden september 2018.

- De andre dagene, når vi ikke er i praksis, har vi fellesfag som matte, norsk og engelsk. Vi har også en del programfag, hvor vi lærer om blant annet økonomi, transport, salg og kommunikasjon.

Variert arbeidsdag

En ting Maren liker med det å være i praksis på en restaurant, er at hun aldri vet hva som venter henne når hun møter opp, enten det er blide, fornøyde kunder eller en kunde som mener kaffen var for kald. Eller at kaffemaskinen rett og slett svikter. Da lærer man å håndtere ulike situasjoner som kanskje kan være noe vanskelige eller stressende.

- På jobb liker jeg å forholde meg til at "kunden har alltid rett", selv om det noen ganger kan være vanskelig, eller jeg selv ikke er enig. Da må jeg bare ta det med et smil og beklage, om det er noe kundene ikke er fornøyde med, forteller Maren og ler.



Innsatsen i praksistida på Ostehuset, som er en del av service og samferdselstilbuddet, har ført til at Maren Sofie Lande Nesvåg har fått tilbud om sommer- og helgejobb. Foto: Sandra Vivi Andersen

Tilbud om sommerjobb

Maren sier hun har fått god bruk for det de lærer i klasserommet når hun er i praksis. For eksempel det hun lærer om service og sikkerhet når det kommer til mulige skader en kan få, eller det å gi kundene god service og oppfølging. Hun har også fått bruk for det hun har lært om salg i restaurantnæringen.

- Jeg vil ikke bli noe innen salg eller service, men dette er et enormt godt grunnlag siden jeg i hvert fall vil ta fagbrev før jeg eventuelt tar påbygg. Da har jeg et veldig godt grunnlag for å komme meg ut i arbeidslivet etter hvert.

- Jeg har jo vært veldig heldig, i og med at jeg har fått tilbud om sommer- og helgejobb hos Ostehuset. Så noe må jeg vel ha gjort rett, ler Maren.

I PRAKSIS HOS LOKAL BEDRIFT

Av Tale Siem, Live Strømsnes og Rina Fjetland

Adrian Maudal Strohmeier (19) går i lære på Comrod. Han var elev på Strand videregående skole hvor han første året gikk elektro, men etter hvert byttet til Service og samferdsel, som hørtes mer fristende ut. Nå jobber Adrian innen økonomi på Comrod, som ligger sentralt ved rundkjøringen på Tau.

Adrian har siden han selv gikk på videregående vært i praksis, og er nå i lære hos Comrod. Han sier at møtet med arbeidslivet kan by på utfordringer, men at han trives fordi det er mye nytt å lære. Han sier også at han ble godt mottatt på Comrod.

Forskjellige oppgaver

Adrian har ulike oppgaver innen økonomiavdelingen, som utfakturering og inngående fakturaer. Han sier også at han har vært i arbeid før, så han visste en del om hva forventningen var, i og med at han også var på Comrod i praksisperioden.

- Jeg startet som praksiselev her på Comrod da jeg gikk på Service og samferdsel. Her var jeg en gang i uka i ett år, og deretter søkte jeg om læreplass. Jeg var heldig og fikk plassen. Det som har vært den største overgangen tror jeg må være at dagene starter tidligere og slutter senere, men det går seg til etter hvert, sier Adrian.

Nyttig erfaring

Adrian sier at han får bruk for det han lærte på skolen i sine arbeidsoppgaver på Comrod. Og han sier at mye av det han har lært i både praksis, i lære og på skolen, kan han få bruk for i andre situasjoner i livet, for eksempel dette med økonomi.

- Når en er ferdig som lærling, får en jo et fagbrev. Dette er alltid positivt å ha uansett om du velger å studere og søker om jobb etterpå, eller om du velger å gå rett i jobb. Det kan gi store fordeler, forteller Adrian.

Å lære gjennom å gjøre

Første året på Service og samferdsel gir deg en smakebit på en rekke yrker og åpner opp for utdanningsprogram som du velger det andre året. Både på Vg1 og Vg2 benytter utdanningsprogrammet det vi kaller "learning by doing", som er en metode der du lærer hvordan du starter, driver og avvikler en bedrift, gjennom en ungdomsbedrift.

Utdanningen er delt inn i både programfag og fellesfag. Utdanningsprogrammet gir deg generell studiekompetanse etter tre år (Vg3 Påbygging), samtidig som du får spesialkompetanse om servicenæringen.

Mange muligheter

I løpet av skoleåret er elevene i praksis én dag i uken for å få erfaringer i de ulike yrke-ne. Dette gjør at hverdagen blir praktisk rettet, og ikke minst spennende. Man slår med andre ord to fluer i en smekk: teoretisk kunn-skap og praktisk erfaring.

Når du skal begynne på Vg2, er det viktig å søke seg inn på et spesialiseringssfag. Fage-ne som tilbys er salgsfaget, resepsjonsfaget, kontor – og administrasjonsfaget, vekter-faget, IKT-servicefaget, yrkessjåførfaget og logistikkfaget. De ulike fagområdene er ty-piske servicefag, som gir elevene erfaringer og kunnskaper når de en dag kommer i jobb.

Det han lærte på skolen, og nå i lærertida, får han god bruk for i andre situasjoner i livet, for eksempel i forhold til egen økonomi. Dette forteller Adrian Maudal Strohmeier, som her blir veiledet av regnskapssjef i Comrod, Kolbrun Hannesdottir.



Yrkeskompetanse

Den yrkesfaglige opplæringen du får av å gå på Service og samferdsel, fører frem til yrkes-kompetanse med eller uten fag – eller svenne-brev. Etter en fullført yrkesfaglig opplæring kan du gå ut i arbeid eller ta en videreutdan-nning. Du kan ta en fagskoleutdanning, som er en kort og yrkesrettet videreutdanning, be-reghnet på de som har gått på yrkesfag. Om du ønsker å ta en høyere utdanning ved høyskole eller universitet, er det mulig med påbygging til generell studiekompetanse etter Vg2 eller etter oppnådd yrkeskompetanse.

SERVICE OG SAMFERDSEL

Handel og vandel

Dei seinare åra har det vore ein klasse på kvart av trinna for utdanningsprogrammet Service og samferdsel, rundt 25 elevar.

Det første året er felles for elevane, men etter det kan du spesialisera deg innan fleire retnin-gar.

**Sal, service og sikkerheit
IKT og servicefag
Reiseliv
Transport og logistikk**

Vel du å spesialisera deg innan Sal, service og sikkerheitsfaget på andre året, kan du gjera det på Strand vgs. Andre alternativ finst på andre skular i fylket, fortel avdelingsleiar Elisabeth Dyrdal.

Det vanlege er at dei som ønsker lærepllass, får det. Men det er også dei som vel å ta påbygg for å oppnå studiekompetanse med sikte på høgare utdanning.

– Opplæringa er praktisk retta, og elevane hjå oss er ute i praksis, fast ein dag for veka begge åra, seier Dyrdal.



Hvorfor arbeider du i skolen og hva er det som er viktig i ditt møte med elevene?

Jeg har valgt å jobbe i skolen fordi jeg trives sammen med unge mennesker. I møte med elevene vektlegger jeg å være en tydelig voksen. God dialog med elever og føresatte er viktig for meg. Jeg trives spesielt med de elevene som har med seg en "ryggsekk", og kanskje ikke har opplevd så mye mestring i skolen eller hjemme tidligere. Jeg prøver å gi disse elevene tro på seg selv ved å gi positiv feedback på konkret atferd som vi ønsker mer av. Disse elevene har ofte mye interessant å lære tilbake til oss andre.

Dette gir motivasjon å jobbe med og det er ekstra kjekt når vi oppnår positive mestringsopplevelser for eleven. Jeg har flere gode opplevelser opp igjennom årene fra slike situasjoner.

Navn:

Kurt Rolfsnes

Stilling:

Lærer ved helse- og oppvekstfag

Første arbeidsdag: 1. august 2000



Navn: Jeanette Ullestad (21)
Stilling: Mekanikar hjå Apply Sørco As
Bur: Tau
Elev: 2013 – 2015

KLAR DÅ OLJEOPPTUREN KOM

Av Heidi Hjorteland

Kvelden før søknadsfristen gjekk ut ante ikkje Jeanette Ullestad (21) kva linje ho skulle søkja på Strand videregående.

Mor meinte det ville vera lurt å velja yrkesfag, og for meg var det aldri noko alternativ å velja studiespesialiserande, fortel ungjenta frå Tau som no har fast jobb som mekanikar i Nordsjøen til journalisten som er nøyaktig like gamal som skulen både Jeanette og eg har gått på.

Då Jeanette byrja på videregåande i 2013 låg skulen på Tau. Her hadde han lege sidan 1989.

Usikker første året

Sjølv byrja eg då skulen låg i eit eldgamalt kvitt trehus på Jørpeland. Årstalet var 1985, dongeribusene var bleike og håret høgt og skulen var som skribenten i sitt sekstande år.

For bladfyken var det aldri noko alternativ å velja yrkesfag, skriving og språk var det som fall meg lettast, så eg visste eg var i rett klasserom. Likevel var det skummelt då rektor Jon Vogt Engeland (i trøng pologenser og blazer) i velkomsttalen snakka om at å byrja på vidaregåande var som å kasta seg på 70 000 famnars djup.

Takka vera Kjell Olav Høyvik fekk eg eit nytt syn på matte

Nå var det jo Jeanette som reint bokstaveleg hamna på dei store djup, men som fersk elev på vidaregåande i 2013 kunne også ho kjenna seg på djupt vatn.

16-åringen var nemleg ikkje sikker på kva ho hadde gitt seg ut på då ho valde TIP. Svært mykje var nytt, for sjølv om ho kjem frå ei slekt der mange har yrkesutdanning og fleire jobbar i Nordsjøen, hadde ho ikkje sjølv skrudd så veldig mykje før ho begynte på vidaregåande.

Likevel vurderte ho aldri å slutta og kom etter kvart inn i det som skulle lærast, fortel ho.

Endeleg forstod eg matte

Eg var veldig skulelei etter ungdomsskulen, og spesielt matten hadde vore strevsam. Takka vera Kjell Olav Høyvik fekk eg eit nytt syn på matte, og gjekk frå 2-er på ungdomsskulen til firarar og femmarar på vidaregåande. Eg tykte også det var ein annan fridom i å vera på verkstaden, fortel ho.

Denne linja inneber også mykje praksis og i løpet av dei to åra på Tau hadde ho praksis både hjå Archer og IKM i Stavanger.

Me står i den same verkstaden som ho forlét

for tre og eit halvt år sidan saman med den gamle læraren hennar Asgeir Nordbø.

Som nå var jentene også då Jeanette gjekk her i mindretal. Vanlegvis har TIP ikkje meir enn 5-6 jenter fordelte på Vg1 og Vg2 per år. Men jentedelen er høgare på TIP enn gutedelen på helse og omsorg, påpeiker Nordbø.

Jenter gir betre miljø

Me er glade for kvar jente som søker, for miljøet i klassane blir betre med jenter. Ein guteklasse kan lett bli ganske bråkete, for meg verkar det som om gutane blir mindre brautne når det er jenter til stades, truleg går dei meir inn for å visa seg frå si beste side, tippar Asgeir Nordbø.

Då Jeanette gjekk i første klasse var dei tre jenter i klassen. Året etter var ho åleine i klassen. Dei to jentene som var att måtte nemleg fordelast på dei to Vg2-klassane for at begge klassane skulle få nyta godt av jenteeffekten, forklarar læraren.

Ifølge Nordbø har alle jentene som søker seg til TIP ein plan.

Det er aldri tilfeldig at ei jente hamnar hjå oss, jentene veit alltid godt kva dei vil og er veldig flinke, forsikrar han.

Då underteikna gjekk på Strand vidaregåande frå 1985 til 1988, visste eg knapt kven nokon av elevane på maskin og mekanikar-linja var. (Dette var det gamle namnet på TIP-linja). Allmennfagelevane hang saman og i friminutta stakk me av og til opp til Gunnborgs Hjemmebakeri for å kjøpa mikrobølge-oppvarma horn med ost, skinke, – og piffi.

Alle er med alle

Skulen på Tau har kantine. Jeanette hugsar ho sat mykje her i friminutta. Ho hang med alle typar elevar, også dei på studiespesialiseringe. Sidan skulen er så pass liten unngår me at elevane på dei ulike linjene berre er med like-sinna, og det trur eg er med og mjukar opp miljøet, for tonen kan bli langt tøffare på reine yrkesfagskular, skyt Nordbø inn.

Jeanette var elev på Strand vidaregåande frå 2013 til 2015. Dette var under den siste oljenedturen, noko elevane fekk merka då dei

skulle ut i lære. Ikkje alle fekk læreplass, minnest Nordbø, og somme tok difor eit tredje påbygg-år som fylkeskommunen tilbyr elevar som ikkje får læreplass.

Sjølv valde ho industrimekanikar og greidde å ordna seg læreplass ved Tau Mekaniske Verkstad.

Ville ho komma offshore?

18-åringen rekna med at draumen om å jobba i Nordsjøen slik som mor og stefar, kanskje måtte setjast litt på vent på grunn av dei dårlege tidene i olja.

Etter to år i lære blei ho fast tilsett i bedrifta på Tau, men då var også tidene i oljebransjen begynt å bli betre.

I august 2018 fekk ho fast jobb i Apply Sørco. Ho arbeider nå som mekanikar på Martin Linge-feltet.

Jeanette stortreivst frå dag ein, men vedgår at det første dagen kjendest litt skummelt å vera midt ute på havet, milevis frå land. Nyleg måtte flotellet ho bur på koplast frå plattforma i ein storm.

Bølgene var oppe i 26 meter, og me dreiv nesten til Shetland før me kunne bli taua tilbake igjen, seier ho.

Jeanette seier ho kjenner seg trygg i Nordsjøen. For å komma til jobb må ho reisa til Bergen. Derfrå er det cirka ein time i helikopter før ho er på Martin Linge.

På plattforma er ho ein av ti mekanikarar, alle dei andre er menn.

Stortreivst blant gutane

Det gjer meg ingenting, eg likar meg faktisk betre med menn. Tidlegare har eg hatt sommarjobb på arbeidsplassar med berre damer, då blir det fort mykje baktaling. Med menn snakkar du om andre ting, og me har det veldig hyggeleg saman, seier ho.

Etter jobb får ho og dei andre på plattforma tida til å gå med quiz, bingo, kino, spinning eller yoga. Og ikkje minst snadder mat. Ulempa er at Jeanette kan bli matlei, og ofte og oftare vel ho enkel mat, vedgår ho.

Jobb er jobb, fri er fri

Jeanette set pris på å ha ein jobb der skiljet mellom arbeid og fritid er absolutt.

Eg slepp å tenkja på jobb når eg har fri. Det passar meg godt å ha hundre prosent fri når eg ikkje er på jobb.

Eller fri og fri. Jeanette har alt måttu ut på eksistraturar i friperiodane, noko ho berre synest er kjekt. Ein del av friperiodane er ho også reservemor for dei to yngre søskena sine på 6 og 13 år når mor og stefar er i Nordsjøen.

Då bur dei heime hjå meg, og det går veldig bra, forsikrar 21-åringen.

Men i motsetnad til kva mange trur, er det ikkje alle som får betre løn om dei kjem i Nordsjøen.

Eg har meir fri, men ikkje betre løn, for på Tau Mekaniske tente me bra.

Lærar Nordbø forklarer at det er dei som er tilsette i operatørselskapa som tener aller best i Nordsjøen. Tilsette i innleigde serviceselskap som Jeanette, hamnar lågast på lønsstigen offshore.

Ho vil vidare

Jeanette har til hausten planar om å ta boretteknisk fagskule i Stavanger i friperiodane sine.

Eg er mest interessert i boring, og håpar eg kan ha mange gode år i Nordsjøen, også etter eg får eigen familie.

Ifølge Nordbø hamnar kvart år 3-4 av elevane ved TIP i Nordsjøen. Han meiner tilhøva for kvinner har blitt langt enklare sidan det nå finst godt hjelpeverktøy som gjer mange av jobbane i Nordsjøen mindre fysisk krevjande både for kvinner og menn.

Jeanette har aldri angra på at ho valde TIP den kvelden i 2013.

Eg er alt i arbeid og tenar pengar, for eg valde ein raskare veg til målet enn vennene mine som nå er studentar, slår ho fast.

Jeanette Ullestад på besøk hos
Asgeir Nordbø i skulen sin verkstad





Namn:
Stilling:
Bur:
Elev:

Margunn Tungland Nordbø
YOU-rådgjevar ved Finnøy sentralskule
Finnøy
Nei, men vegvisar for eigne og andre ungdommar til Strand vgs

SKULEN DER FOLK HELSAR PÅ KVARANDRE

Av Margunn Tungland Nordbø

"Eg føler meg sett på ein god måte. Her bryr dei seg. Her ynskjer dei å hjelpe", fortalte ein av våre tidlegare elevar meg. Han bytta skule og starta på Strand.

Det er ikkje få turar eg har tatt med hurtigbåt over fjorden til Tau, og gått bakken opp til Strand vidaregåande skole. Min kontakt har mest vore som yrkes- og utdanningsrådgjevar for Finnøy sentralskule, men i to periodar over tre år fekk eg og ha rolla som mor. I begge rollene følte og føler eg meg velkommen og sett. Det er ein skule der smila sit lett. Det er og ein skule med dyktige medarbeidarar som har høg kunnskap på svært mange felt, fagleg og sosialt.

Ein levande visjon

Som rådgjevar har eg gjennom fleire år, vitja mange ulike vidaregåande skular. I Rogaland er me heldige. Me har mange gode vidaregåande skular. Men for meg skil Strand vgs seg ut. Det kan sjølv sagt blant anna ha med nærliek, kjennskap og storleik å gjera, men eg trur mest det har med ein levande visjon å gjera. Visjonen "Me får fram det beste i den enkelte".

Det er litt av ein påstand, men det flotte er at ein merkar det. Eg merka det som mor, som besøkjande, i samarbeidet og som rådgjevar.

Dette ligg under huda hjå den enkelte. Og til og med elevane ved skulen "er påverka". Dei hjelper kvarandre. Det er ein skule som verkeleg lever opp til visjonen sin. Det er ein skule som ser den enkelte.

Å ta tak

Dei er flinke til å ta tak i det som dukkar opp, før det blir for stort. Dei er positive og imøtekommende, når det gjeld elevar og føresette. Det viser tydeleg for oss alle som kjem til skulen, at dette er ein skule som bryr seg. Ein merkar at det er oppriktig viktig for dei at våre elevar og ungdommar trivs hjå dei, og at desse ungdommane utviklar seg som menneske og får samla god kunnskap med seg på vegen vidare.

Ein av våre tidlegare elevar som bytta over fra ein annan vidaregåande skule til Strand vgs, sa at det første som var svært merkbart var: "Alle helsar på meg, og dei fleste kan namnet mitt òg. Eg føler meg sett på ein god måte. Her bryr dei seg. Her ynskjer dei å hjelpe."

Finnøy sin lokale skule

For oss frå Finnøy er Strand vgs svært viktig. Ikkje berre er det ein skule som er lett å anbefala med dei kvalitetane den har. Det er og

ein skule som er lett å reise til for våre elevar. Hurtigbåten frå Finnøy til Tau tek 25 minutt. Elevane får dermed ein grei skuledag, tidsmessig. Kortare reisetid til og frå skule er ikkje muleg å få til frå vår kommune, slik infrastrukturen er nå. Me har elevar frå fleire øyar. Elevane reiser i godt lag, og får ei fin opplading til skuledagen som ventar.

Strand er vår lokale vidaregåande skule. Det er ein skule med eit breitt tilbod, sidan skulen har både studieførebuande og yrkesfaglege utdanningsprogram. Skulen har og ei tilrettelagt avdeling som er svært god. Det at skulen har ei slik breidde i tilbodet, er og noko som påverkar miljøet på skulen positivt.

Sjølv om Finnøy om kort tid går inn i Stavanger kommune, vil Strand vgs framleis vera vår lokale vidaregåande skule. Øyane i Finnøy vil ikkje flytta seg. Dei vil alltid ligge i ryfylkebassenget. Dermed er det svært viktig at politikarane og næringslivet i vår region har fokus på dette, og ser verdien av å oppretthalda hurtigbåtrutene / skulebåtane, slik at elevane våre òg i tida framover kan få vera elevar ved Strand vgs, som no.

Samskapt utvikling

Som yrkes- og utdanningsrådgjevar opplever eg Strand vgs som ein skule som ynskjer tett samarbeid. Dei høyrer på kva som er viktig for oss, og er lette å spørja om råd hjå. Strand vgs har òg arrangert kursdagar i norsk, matematikk og engelsk, for lærarar på ungdomsskulane i Ryfylke saman med lærarane på Strand vgs. Gjennom slike tette samarbeid trur eg overgangen frå ungdomsskulen til vidaregåande skule, går lettare. Dette viser seg

og å vera viktig med tanke på fullføring av vidaregåande skule.

Hospitering på Strand vgs er "festdagar". Elevane i 9. og 10.klasse kjem til ein skule som har førebudd seg godt til besøket. Dei har laga gode og varierte program som gir våre elevar ein god smakebit på kva det vil seia å vera elev på Strand vgs. Elevane våre møter flinke lærarar, smilande elevar, og spennande og nytt utstyr i fleire utdanningsprogram. Og me får fornøgde elevar tilbake til ungdomsskulen. Evalueringa frå hospiteringa i haust viste at 55% var svært nøgde, 36% nøgde og 10% litt nøgde. Ingen svara at dei ikkje var nøgde med hospiteringsdagane på Strand vgs.

Fleire av våre tidlegare elevar, som tok vidaregåande opplæring på Strand vgs, har og fått lov til å komma tilbake og ha praksisperiodar der medan dei tek utdanninga si ved ulike universitet eller høgskular. Òg når det gjeld dette er Strand vgs på tilbodssida. Det gir viktige og positive ringverknader i lokalsamfunna våre. Det er og ei god tilbakemelding til skulen og dei tilsette der. Dette er ein skule ein ikkje har noko imot å komma tilbake til.

Å strekkja seg

Kva med vegen vidare for Strand vgs? Kan skulen utvida endå meir? For elevane i vår region er det eit ynskje om å ha Bygg- og anleggssfag vg1 i nærliken. Kva om Strand vgs fekk utvida og ta inn dette utdanningsprogrammet og? Det er eitt av dei programma som fleire ynskjer å søkje på, men som nå må tas på andre skular. Det kan sjølv sagt ikkje vera slik at Strand vgs har alle utdanningsprogramma, men i vårt nærmiljø i Ryfylke er det behov for entreprenørar og tømrarar. Faren

med ei slik utviding kan vera at den gode oversikten kan bli utfordra, elevtalet aukar for mykje. Men samtidig vil fleire ryfylkeungdommar finna sin plass på Strand vgs.

Sjøvegen – ei nerve

Det blir fleire turar over fjorden for min del. Eg er heldig som får vera med i eit godt nettverk der grunnskulane i Ryfylke samarbeider med Strand vgs.

Kjære politikararar og lokalt næringsliv: La oss sleppa å køyra gjennom fire tunnellar for å nå fram til Tau. Ta vare på sjøvegen. Ta vare på dei verdifulle flotte ryfylkeungdommene og deira ynskje om å ha ein lokal vidaregåande skule. Ta vare på Strand vgs.



Namn: **Kåre Nordbø**
Stilling: Kontaktlærar,
Vg2 industriteknologi
Første arbeidsdag: 1. august 2014

Kvifor arbeider du i skulen og kva er det som er viktig i ditt møte med elevane?

Kan du dela ei historie frå tida di ved skulen?

Det var litt tilfeldig at eg sökte den ledige stillinga som lærar i mekaniske fag, men eg hadde kjent på ei glede med å visa andre det eg sjøl kunne noko om. Å få jobba med ungdom ser eg på som eit privilegium, og vil gjerne tilføye; ungdommen er betre enn sitt rykte. Var det ikkje meir spetakkel før då eg gjekk i den vidaregåande skulen...?

Det er i læraryrket mest kvardagar, som det sikkert er i dei fleste yrke, men å oppleve elevar som verkeleg mestrar noko - kanskje for første gong, er verkeleg gjevande og motiverande.

Strand vgs har forandra seg mykje sidan eg gjekk på "mask og mekk". Då var skulen endå på Jørpeland og dei praktiske faga hadde me på Stålverket. Sjøl om eg må kallast inhabil, vil eg seie skulen i dag har eit større elev-fokus enn den hadde då, og det er eg stolt av. Yrkesfagklassane bestod på den tida av berre tolv elevar, det gav større lærartetthet og betre plass i verkstaden, den utviklinga har dessverre gått i feil retning - nå er me femten i kvar klasse. Skuledagane var på den tida lengre, dei skulle følge arbeidstida til bedriftene i området, og me starta klokka sju om morgonen og gjekk heim halv fire på ettermiddagen.



Navn:
Stilling:
Bur:
Elev:

Kjetil Ørnes (48)
Produksjonssjef i Grieg Seafood
Halsnøy
Rygjabø 1987 – 1989

BONDE PÅ DEN BLÅ ÅKEREN

Av Heidi Hjorteland

Kjetil Ørnes gjekk på naturbruk-linja på Rygjabø vidaregåande skole på Finnøy frå 1987 til 1989. Denne linja blei i 2014 lagt inn under Strand videregående skole.

Dei første åra arbeidde Kjetil ved familiens eige fiskeoppdrett, Skartveit Matfisk, før han i 1999 tok til i Grieg Seafood. Nå er han produksjonssjef og har ansvaret for 70 tilsette på totalt 12 anlegg.

Gleda over å produsera mat

Drivkrafta hans for å byrja i bransjen var og er gleda over å skapa noko, få vera med og produsera mat og behandla levande vesen.

Grieg Seafood driv med lakseoppdrett og tek hand om heile næringskjeda frå rogn til slakt og sal. Firmaet er verdas femte største.

Men så er det berre ti på lista totalt, då, seier Kjetil og gliser lurt.

Me møter han på Griegs anlegg i Kilavågen i Suldal. Hit freser han på 20 minutt i Targa-båt frå Finnøy der han oppheld seg på kontor det meste av arbeidsdagen.

Grieg Seafood har skulekonsesjon på anlegget på Teistholmen i Sandnes kommune.

Hit kjem lærarar frå Strand videregående ut med elevar som skal få praktisk opplæring i

oppdrettsfaget. Det er også klasserom på flåten slik at elevane først får ei teoretisk orientering om det dei skal utføra praktisk etterpå.

Kjetil føler utdanninga i naturbruk er nokså lik den han møtte på slutten av åttitalet.

Men næringa er blitt endå større og meir profesjonell. Medan me lærte korleis me skulle byggja eit anlegg, slepp elevane nå denne biten. Anleggbygging tek andre fagfolk seg av, nå er det å driva anlegg som står på læreplanen, forklarer Kjetil Ørnes.

Flinke hender trengst sårt

Ifølge Ørnes er det ei utfordring at næringa og utdanninga ofte ligg i utakt. I ei tid med stor vekst har det til tider vore ei utfordring å få utdanna nok folk, fortel produksjonssjefen.

Ørnes saknar også eit meir todelt løp på vidaregåande der ein ikkje risikerer å mista dei flinke hendene og berre sit att med dei kloke hovuda på linjer der søkarane er mange.

- Det må vera eit tilbod både for dei som skal ta høgare utdanning – som til dømes fiskehelsebiolog eller veterinær, og for dei som skal rett ut i jobb etterpå, påpeiker han.

Treng tøffe og mjuke

For me treng alle typar menneske og ikkje minst dei flinke hendene. Eg har mange gonger sett at elevar som har slite litt, har blomstra hjå oss. Som oftaast ender desse opp som dei flinkaste. Oppdrettsnæringa treng tøffingane som kan rigga og drifta anlegga og me treng dei som kan visa fiskens omsorg og vera nøyaktige og tolmodige i stell og mating av fiskens, påpeiker han.

Kjetil Ørnes seier at i det praktiske arbeidet i oppdrettsnæringa er det ikkje så farleg om ein elev brukar lang tid i starten.

Me tel ikkje timer, me skal utføra eit arbeid. Kor lang tid arbeidet tek, er ikkje alltid så viktig.

Sjølv tok han ikkje fagbrev før fleire år etter han var ferdig utdanna, og meiner ennå at fagbrev ikkje er så viktig i oppdrettsnæringa som det er for til dømes elektrikarar og røyrleggarar.

Gode haldningar viktigast

Me er trass alt bønder på sjøen, og då er haldningar til det du driv på med og evna til å sjå fiskens, det som tel mest, meiner Ørnes.

92 prosent av dei som arbeider i Grieg Seafood er fagarbeidarar og firmaet legg til rette for vaksne tilsette som ønsker å ta fagbrev. Ørnes rår skulen til å halde fram satsinga på å gi vaksne tilbod om vidareutdanning kombinert med jobb.

Kjetil Ørnes kan varmt råda også oppveksande unge til å velja naturbruk.

Dette er ei framtidsretta næring. Folk treng mat, og me kan tilby mat frå friske og gode fjordar.

Langt betre enn sitt rykte

Oppdrettsnæringa får mykje kritikk for å forureina. Mykje av dette botnar i gamle fordommar og mytar, hevdar Ørnes.

Ein snakkar om fotavtrykk. Kor stort fotavtrykk sette ikkje dei 200 000 tonna med sild som slapp rogn og mjølke og ekskrement i fjordane våre før i tida? Og monokulturen i bonden si ekre, kven nemner den? Alle veit jo at ekra hadde vore meir miljøvennlig med nokre innslag av bjørk, brake og lyng. Kvifor blir det stilt andre krav til ekrene på sjøen enn på landjorda, undrar Ørnes.

Han legg samstundes til at oppdrettsnæringa hadde nokre problem i starten då anlegga vaks litt for fort i små fjordar.

I dag, når anlegga ligg i opnare farvatn, meiner han at næringa har god kontroll på miljøet.

Å flytta oppdrettsanlegga på land, er det same som å flytta dei utanlands, meiner han.

For dyrt på land

Det vil kosta for mykje, og vera for energikrevjande å ha all fiskens på land, seier Kjetil Ørnes.

Han er glad for at Strand videregående skole tok over Rygjabø si naturbruk-linje.

Det blei for smått på Finnøy. Strand videregående har større kapasitet til å utvikla linja, og skulen har ein rektor som er oppteken av at skulen spelar på lag med næringslivet. Nå har skulen planar om å laga til ein årleg akva-konferanse, framheld han.

Kjetil Ørnes tykkjer skulen lever opp til slagordet sitt om å få fram det beste i den enkelte.

Óg som far til ein som gjekk på elektro, har han opplevd dette. Sonen blei sett på skulen. Lærarane var genuint interesserte i elevane, er farens inntrykk.

Lærarane byr på seg sjølv

Det er heilt klart kjekkare å vera elev ved videregåande skule i dag enn det var i mi tid. Eg hadde det bra, men det var ein større avstand mellom lærar og elev på den tida. I dag byr lærarane på seg sjølv på ein heilt annan måte og er tilgjengelege for elevane til alle døgnets tider.

Kjetil Ørnes viser også til ombygginga Strand videregående har gjort. For å få til fleire samlingspunkt for elevane i friminutta, er korridorar laga om til opne rom der det blir naturleg å setja seg ned og vera sosial.

48-åringen meiner unge i dag er langt betre enn dei var på hans tid.

Dagens ungdom finn ikkje på så mykje tull og vas som me gjorde, dei er meir seriøse. Men dei manglar ein del praktisk grunnkompetanse.

Seriøs ungdom

Dagens ungdom finn ikkje på så mykje tull og vas som me gjorde. Dei er meir seriøse. Men dei manglar ein del praktisk grunnkompetanse. Det gjer at me må læra dei meir slike ting enn lærarane trong i mi tid, då dei fleste hadde arbeidd praktisk frå dei var heilt små.

Han illustrerer dette med haldninga til HMS. Mange unge i dag trur det held å ta på seg hjelm og verneutstyr utan å tenkja sjølv. Dei manglar tryggleiks -og kriseforståing.

Ei anna utfordring med dagens unge er at dei ikkje er så lette å flytta på. Somme seier nei til læreplass viss det betyr dei må flytta heimanfrå.

Du må kunna flytta

Når du vel ei distriktsnæring, må du vera klar til å bu i ein distriktskommune, og ikkje heime hjå mor. Det er difor viktig for oss å motivera dei unge til å flytta dit jobbane er.

Men når det gjeld bruken av sosiale medium på jobb, trur han dei unge er langt flinkare til å regulere dette enn vaksne.

For nokre år sidan la eg ned forbod mot Snapchat og Facebook på jobb, men så bestemte konsernleiinga seg for at me skulle bli aktive på Facebook. Så då hadde ikkje forbodet mitt så mykje for seg, seier Ørnes og humrar småtørt.

NATURBRUK

Den blå åkeren

Første året går alle elevar på naturbruk. Året etter vel dei mellom akvakultur eller fiske og fangst.

Dei siste åra har skulen hatt rekordmange søkerar til utdanningsprogrammet, fortel seniorrådgjevar Nils Petter Sand ved Strand videregående skole.

Dei høge søkerata betyr at alle ikkje kjem inn.

Frå hausten 2019 vil skulen tilby eit treårig utdanningstilbod som vil gi studiekompetanse. Dette er eit tilbod for elevane som ikkje vil ut i lære, men ønskjer å ta høgare utdanning.

Dei aller fleste elevane vel akvakultur. Til denne tid har det vore lett å få læreplass i næringa, ifølge Sand.

Naturbruk kom til Strand i 2014. Skulen bygde då eit nytt og moderne havbruksbygg.

Fleirtalet av elevane kjem frå Rogaland. Jentene er få, men Nils Petter Sand seier erfaringar viser at kvinner greier seg godt i oppdrettsnæringa, og råder fleire jenter til å sökja.

Nytt ved Strand videregående er at alle elevane på studiespesialiserande første året får ei innføring i havbruk.

Dette er gjort fordi oppdrettsnæringa treng fleire med høgare utdanning i branjen, fortel Nils Petter Sand.

Utdanningsprogrammet har tett samarbeid med fleire store aktørar i oppdrettsnæringa. Desse selskapa har også ytt økonomisk tilskot til det nye havbruksbygget.

danning og utdanning



STUDIESPESIALISERING

Har du ein plan om å gå på universitet eller høgskule? Gjennom teori, praktiske utfordringar og opplevingar blir du utfordra på kven du er og ønsker å vera. Ein god grunnmur for vidare utdanning.

Første året (Vg1) er felles for alle elevane. På Vg2 og Vg3 vel elevane mellom ulike programfag som er sentrert rundt realfag, språk og samfunnsfaglege emne.

Meir info om ei spennande reise finn du på strand.vgs.no





Namn: Kåre Olav Oftedal
Stilling: HMS –rådgjevar i Gassco
Bur: Skudeneshavn
Elev: 1986 – 1989

Då eg vart beden om å skriva eit innlegg i høve Strand Vgs sitt 50-års jubileum, tenkte eg at det kunne vera ei kjekk oppgåve i julefeiringen. Rett nok er det lenge sidan eg har skrive stil, som me sa, men i motsetning til den gongen treng eg nok ikkje vera like nøyne med å treffa heilt på oppgåva. Karakterar blir det i alle fall ikkje, og godt er det!

Me var Russ-89 og dermed siste kullet som gjekk ut på Jørpeland. For dei av oss som hadde hatt same skuleveg til Fjelltun sidan 1. klasse på barneskulen, var det ei lukke å sleppa å reisa til Tau. Dette trass i dei gamle og nedslitte bygningane, der ironisk nok hovudbygninga vart jamna med jorda så seint som i haust. Det er nok å nemna bratte trapper, stinkande toalett med kreative inskripsjonar og sjølv sagt ”likkista” der me hadde EDB. Spør ein dagens smarte iPhone-generasjon om dei veit kva EDB er, så forstår ein fort at det er 30 år sidan, eller kan hende det alt er 30.000?

I 1989 gjekk me i russetoget med eit skjelett frå biologi-rommet, som skulle syna kor gale det hadde gått med Tor Egil Fjelde etter kolesterolkampanjen. Me sa og ”tja til EU” i russetoget, noko som kanskje var eit frampeik til EØS? Av gullkorn frå lærarmunn kan nemnast Tor Jan Aarstad si åtvaring til oss som

Å BU SEG PÅ ENDRING

Av Kåre Olav Oftedal

skulle byrja på naturfaglinja, nemleg at ”då måtte me slutta på speidaren”, sjølvsgårt for å få meir tid til skulen. Vidare kjem eg ikkje utanom Ole Per Tau, som påstod at ”Ja, Renate” var det einaste han kunne seia på tysk.

Nedgang for oljå før óg

I 1989 var Gro Harlem Brundtland statsminister og kongen Olav den 5. Då me skulle velja vegen vidare etter Strand Vgs, stod framleis Berlinmuren og tvillingtårna til World Trade Center, og Utøya var berre AUF sin sommarleir. Eg hadde dessutan året før hatt min første flytur som 18-åring...

*...oljå var slutt og det kom
ikkje på tale for meg å
studera petroleumsfag*

Og i 1989 var det slutt på oljå, i alle fall kunne mykje tyda på det. Eg gjekk nemleg ut av Strand Vgs med eit såpass godt vitnemål at eg trudde det skulle bli lett å få sommarjobb før vidare studier på NTH i Trondheim. Eit tjuetals søknadar vart sende til alle oljeselskap, engineeringsselskap og industribedriftene i regionen, og eg trur knapt det kom eit einaste høfleg avslag. Bodskapen kunne ikkje mistydst, oljå var slutt og det kom ikkje på tale for meg å studera petroleumsfag.

Så sit eg her, ironisk nok, på niande året med jobb som HMS-rådgjevar i statseigde Gassco på Karmøy. Gjennom landanlegga og røyrledningane selskapet opererer, mottek Europa årleg ti gonger meir energi enn den samla norske vasskraftproduksjonen. Verken oljå eller gassen var altså slutt i 1989, men den gongen var det heller ingen andre enn dei spesielt interesserte som snakka om klimaproblem. La då rentetoppen frå siste halvdel av 1980-talet på over 14% illustrera kvifor det vart bråstopp innan mange sektorar den gongen, samanlikna med dagens rente som er tiandeparten.

Frå Tau til Trondheim

Vegen min etter Strand Vgs gjekk altså til Trondheim og studier av maskinfag, som viste seg å vera ein rask og god veg til trygge jobbar for min del. Ikkje minst gav det stor valfridom med tanke på bustad. Rett nok ville lagnaden at det først skulle verta aluminiumsproduksjon på Karmøy på meg, og ikkje stålproduksjon på Jørpeland. Men at god utdanning er ei god investering, kan eg skriva under på. Like eins at ein gjerne ikkje ender opp med den jobben ein først tenkte. Når eg no er HMS-rådgjevar i Gassco, har eg verken formelle vekttal innan HMS eller petroleumsfag, men desto fleire i livet sin skule.

Endeleg røyndom

Det er fleire tidsaktuelle tema som også gjev grunn til ettertanke. I 1. klasse på Strand Vgs i 1986 skreiv eg sidemålsstilen "Ryfylkes fastlandsforbindelse - hvor bør den komme?" Den gongen var røyrbru under Høgsfjorden høgaktuell samanlikna med tunnel under Hidlefjorden. Det var ikkje måte på korleis ny og revolusjonerande teknologi skulle setja både lokale entreprenørar og regionen

på verdskartet. Så konkluderte også eg i 1986 med at sambandet til sørfgylket måtte gå over Høgsfjorden. Kor det vart av røyrbrua får me aldri heilt klarlagt, ho var endå til med i Nasjonal Transportplan. Men det er i alle fall to køyrbare hol under Hidlefjorden i skrivande stund, og verda har endå ikkje sett si første røyrbru...


Blant dei enklare knutane for meg som russ-89 var den me fekk for å overnatta i sovepose på Preikestolen. Oppvaksen med Jørpelandsheia har friluftsliv alltid vore mi greie, og slik også idag. Det var berre det at den gongen låg Stolen i Forsand, og ingen ved sine fulle fem kunne tenka seg at han skulle hamna i Sandnes. Så fekk me som lenge vona på ein storkommune av Hjelmeland, Forsand og Strand, i alle høve ei fin førjulsgåve då Stolen og Kolabygda uventa kom heim til Strand. Det er så löye med det!

Gå saman

Apropos kommunereforma. Eg tenkjer at når Forsand vel å snu ryggen til Ryfylke, eller om ein vil, når bykommunane på Nord-Jæren et seg innover i Ryfylke, vil Hjelmeland og Strand ha ein stor fordel av å slå seg saman. Og her tenker eg at Strand Vgs si plassering på Tau vil vera framifrå, ganske sentralt i ein ny og større Ytre Ryfylke kommune. Med betra kommunikasjon til Stavanger, skal ein heller ikkje sjå bort frå at fleire derifrå vil söka seg til skulen, både lærarar og elevar, og det vil sjølv sagt vera eit positivt høve å gripa når Ryfast straks opnar i jubileumsåret.

Til lukke med dei neste 50 åra, Strand vgs!

Det verkar som det har vore stor framgang sidan siste "chikkelakke" på Jørpeland!



Namn: **Helge Malmberg**
Stilling: Avdelingsleder for TIP/Elektro
Første arbeidsdag: 1. august 1996

Hvorfor arbeider du i skolen og hva er det som er viktig i ditt møte med elevene?

Kan du dele en historie fra tiden din ved skolen?

Jeg synes det å jobbe i skolen er veldig meningsfelt. Det gir motivasjon og energi å vite at du jobber med flott ungdom som står i brytning til voksenverdenen. Det å få muligheten til å veilede og påvirke ungdommen til å ta kloke valg er et privilegium.

I mitt arbeid er skolens verdigrunnlag viktig for meg, og jeg prøver å leve opp til dette, i møte med elever og ansatte. Skolen er en svært interessant arena for utvikling, hvor det å være oppdatert og i forkant, blir viktigere og viktigere i forhold til den rivende teknologiske utviklingen som skjer på de fleste arenaer.

I forhold til teknologisk utvikling husker jeg spesielt den perioden hvor PC'ene var på vei inn i skoleverket, men ennå ikke var blitt allemannseie. Enkelte trodde sikkert enda at det skulle gå over; men nåværende rektor og meg selv m.fl. var på offensiven og arrangerte noe vi kalte "Nettnatt", helt i starten av året, for elevene i første klasse på allmenn, som det het den gang.

Prosjektet gikk ut på å lære elevene word, excel og powerpoint, kombinert med sosiale aktiviteter i gymsalen, og pizza og kos utover kvelden/natten. Vi startet kl. 12 på dagen, og holdt det gående helt til neste morgen. Elevene jobbet iherdig, og vi følte det var svært nytlig, både i forhold til å lære data, men også sosialt.

Året etter var vi ferdige med det meste av opplegget kl. 20 på kvelden, og permitterte elevene. Tredje året fant vi ut i 14-tiden at de faktisk kunne alt fra før og sendte dem hjem til vanlig tid.

På tre år gikk vi altså fra å drive grunnopplæring på data til å ikke gjøre noe, da dette var en kompetanse elevene hadde med seg fra før. Husker også at vi reflekterte over at elevene som kom inn i første klasse hadde like god/bedre kompetanse på data enn de som gikk ut i tredje.

UTSOLGT: Datoen 11. november 2018 vil Even Østensen alltid huske. Foran en fullsatt SR-Bank Arena var han med å spille Viking opp i Eliteserien. Nå vil han skape flere minneverdige øyeblikk i den mørkeblå-drakten.



VEIEN MOT ELITEN

Av Torkel Schibevaag

Han ble frarådet å søke på Strand vgs, men selv var Even Østensen aldri i tvil. Det angrer han ikke på i dag.

– Det var de tre kjekreste årene jeg har hatt i skolesammenheng... Nei, vent, de tre beste årene i livet. De klarte å få frem det beste i meg.

25-åringen varmer hendene på en kaffekopp. I skinnstolen på Viking stadion sitter han komfortabelt, vel vitende om at han fikk sjansen som andre bare kan drømme om. Nå gjelder det å forvalte muligheten.

– Fra nivå fire til nivå én. Det er en stor overgang, men jeg tok nivået i første divisjon. Jeg tror jeg kan ta det øverste nivået og.

Etter å ha overbevist Viking-trener Bjarne Berntsen, supportere og eksperter i fjor høst, kunne målmaskinen fra Hjelmeland sette pennen til en toårskontrakt med Viking. Nå skal han kjempe om å bli førstevalg på topp i klubben han drømte om å spille for som barn.

Men først spoler vi noen år tilbake.

Selv om de teoretiske fagene ikke var høydepunktet, skjønte jeg raskt at det ikke var noe tøft med dårlige karakterer

Satset og lyktes

Da søknaden til videregående skole skulle sendes inn var Even sikker på hvor han ville gå. Rådgiveren på ungdomsskolen fikk klar beskjed om at det ble idrettslinja på Strand vgs.

– Jeg var aldri i tvil.

Karakterkortet tilsa noe annet. Han ble frarådet å søke seg til skolen som kompisene skulle begynne på. Karakterene var ikke gode nok, fikk han høre.

– Jeg vet jo at jeg aldri har vært et skolelys, men likevel tok jeg sjansen og søkte.

Det har han ikke angret på siden. På de lange turene gjennom Årdal, forbi Tysdalsvatnet og Bjørheimsvatnet, satt Even i busssetet og kjente det kriblet i beina.

– Vi var en herlig klasse som raskt utviklet seg til å bli en sammensveiset gjeng. Selv om de teoretiske fagene ikke var høydepunktet, skjønte jeg raskt at det ikke var noe tøft med dårlige karakterer.

I klassemiljøet handlet det om å prestere. Det kjente Even på. Godt hjulpet av, det han selv karakteriserte som vanvittig dyktige lærere, gjorde han det som måtte til for å sanke karakterene han trengte.

Læreren som ga selvtillit

Likevel var det én person som går igjen, både når Even forteller om tiden på videregående og på fotballbanen. Han som gjorde treningsene så kjekke at den unge fotballspilleren gledet seg til å stå opp om morgenen og komme seg på treningsfeltet:

Eivind Danielsen.

- Han har betydd utrolig mye for utviklingen min. En fantastisk lærer. Eivind ga meg klare beskjeder både på og utenfor banen. Leverte jeg ikke varene, så fikk jeg høre det, forteller Even.

For 25-åringen, som etter planen minst skal være Viking-spiller ut 2020-sesongen, var ikke det største talentet som ung. Selv karakteriserer han seg som én av de bedre, men innrømmer glatt at det var flere som var høyere ansett enn ham.

- Jeg tok jo ikke fotball så veldig seriøst før jeg var i slutten av tenårene.

Først da han kom tilbake fra militæret og gjorde comeback i Staal Jørpeland, skulle virkelig karrieren skyte fart.

Møttes igjen

Året var 2014 og en ny fotballsесong sto utenfor og banket på døren. Det var da det begynnte. Even utviklet seg stadig, men ble ikke sett på som førstevalget på topp. Det ble med seks mål i serien.

Beskjeden om at han skulle satses på som førstevalg, måtte han vente én sesong til på. Da det ble klart at Eivind Danielsen skulle styre skuta på Staaltun, fikk Even selvtilliten han trengte til å prestere.

- For en spiss betyr det alt. Har du ikke selvtillit scorer du ikke mål. Jeg visste at jeg måtte leve, og begynte å trenere mye mer enn tidligere.

Treningen skulle gi resultater. For de tre neste sesongene trillet målene inn. 68 ganger satte Even ballen bak keeper i tredjedivisjon.

- Det gikk bare én vei.

Han sto igjen etter hver trenings for å terpe avslutninger, som én av få. I dag har han ikke sjans til å regne antall timer med egentrening som ble lagt ned den gang. Alt for å være klar om sjansen til spill på høyere nivå skulle by seg.



Eivind Danielsen holder fremdeles øye med eleven sin

Drømmen som kunne blitt knust

Det er ett år siden sjansen kom. Og forsvant omtrent like fort igjen. En skade i fremsiden av låret på sesongens første trening med Staal Jørpeland, gjorde at treningsoppholdet med Viking gikk i vasken.

Det kunne vært muligheten som glapp for spissen det hadde gått gjetord om fra Strandalandet til byen i lang tid. Men i fjor sommer kom telefonen igjen. Og siden har ting skjedd fort.

- Det tok nok litt lengre tid enn jeg hadde ønsket før den første nettkjenningen satt i mørkeblå drakt, men når målene kom så var de fine ... Og ikke minst viktige.

Selv trener Berntsen var overrasket over hvor godt 25-åringen fra Hjelmeland tok nivået. Den atletiske spissen med god løpskapasitet og enda bedre holdninger, skjøt Viking i førersetet før opprykket skulle sikres foran fullsatte tribuner i Jåttåvågen.

Østensen på ryggen

Det føles kanskje som en evighet siden folk stormet banen i glede en søndag i november. Men for Even er det en dag han aldri vil glemme.

- Jeg har hørt fra kamerater på Jørpeland at ungene på Staaltun springer rundt i Viking-drakter med nummer 16 og Østensen på ryggen. Det hadde jeg ikke trodd for ett år siden.

For på rekordtid har han som jobbet på fiskeoppdrett på Hjelmeland og spilte tredjedivisjonsfotball på si, blitt folkets mann på regionens storlag. På butikken på Tau får han beskjed fra forbipasserende i fruktdisk'en at de har begynt å reise til byen for å se Viking-kamper igjen.

- Hadde ikke denne sjansen kommet, så hadde jeg hatt et fint liv likevel. Jeg stortrivedes i jobben og Staal.

Da guttedrømmen gikk i oppfyllelse, sto det bare en tanke i hodet på spissen: Han måtte gripe den med begge hender.

Nå gjelder det

Ønsket om å leve av fotball har alltid vært der. Nå er ønsket blitt virkelighet, men likevel har han ingenting å tape. Det vanlige livet kan han alltid vende tilbake til.

Likevel, åtte til fire-livet med fotball på kveldstid er nå satt på hold.

- Jeg har forventninger om at han skal ta nivået i Eliteserien. Akkurat slik som han gjorde det i førstedivisjon, sier trener Bjarne Berntsen.

Men de største forventningene har Even satt til seg selv. En skadefri oppkjøring skal bidra til at han tar ytterligere skritt denne sesongen. Slik skal han skyte Viking oppover i hierarkiet i norsk fotball.

- Spille mer og score flere mål, sier han selvsikkert.

Rundt ham henger bilder av Viking-legende-ne vi aldri glemmer. De som fikset seriegull på løpende bånd gjennom 70-tallet. Men selv vet han at det er draktnummer 16 som Viking-butikken nå er tom for.

Hans nummer.

DANNING OG UTDANNING

"Det hender stundom at vi møter djup visdom hos menneske som aldri har nørt seg av akademisk lærdom. Det hender ofte at vi møter akademisk lærde som aldri formidlar visdom. Det finst sprenglærd toskeskap, og det finst folkeleg visdom".

Jon Hellesnes (1939 -)



Namn:
Stilling:
Bur:
Elev:

Per Ravnaas (65)
"Lydmann" i musikkteknikk, NRK
Stavanger
1969 - 1972

EIN AV DEI FØRSTE

Av Einar Schibevaag

Hadde du valt gymnaset dersom tilbodet ikkje hadde vore i Strand?

Da det var klart at det blei gymnas på Jørpeland, var det heilt naturleg for meg å starta der. Minnet har viska ut første skuledagen, men møtet med siddisane var nok spennande. Det kjendest mest som om den verkelege verda kom til Strand, fortel Ravnaas. Det inspirerte oss til å sjå ut på verda. Det gjekk ikkje lang tid før plakatar av Jimy Hendrix og Che Guevara kom på veggen i klasserommet vårt.

Du gjekk på reallinja, der gutane var i stort fleirtal – kva hadde dette å seia for miljøet i klassen?

Det var ei anna tid. Så tankane omkring denne delinga var nok ikkje langt framme i pannebrasken. Og såg du klassane under eitt, var det ei rimeleg god kjønnsfordeling. Tida ved skulen var ei flott tid i eit utviklende fellesskap.

Blei det russetid og Ugleball?

Det var først då det nærma seg russetida at det for alvor blei tydeleg at elevane ved sku-

len hørde til under Stavanger katedralskole. Då kom dei raude banda på buksene, og me vende nasen mot Stavanger og bylivet. Det var spennande – stort.

Etter fest på Bygdekroa reiste russen frå Strand til Stavanger og russetoget. Sjølv tok han plass på bruhaugen i den heimesnekkra Tau-ferja i toget. Det blei nok lagt merke til. Det same var vel òg tilfelle då dei sjøsette ho på Breiavatnet litt seinare same dag. – Etter ei kort seglingstid måtte mannskapet, med meg ved roret, søkja naudhamn på grunn av vassintak og sterkt slagseite, ler Ravnaas.

Korleis var relasjonen lærar – elev på denne tida?

Skulen var liten og me var mest som ein stor familie. Elevane kom frå ulike miljø, men likevel hadde me ei utviklende tid saman. Sjølv har han mange og gode venskap som lever godt i dag òg. – Ikkje minst med klassekameraten min, Kaj Hjertenes, som eg ofte har lydsamarbeid med i NRK. Eg opplevde at det var gode relasjonar mellom elevar og lærarar, og etter at skulegangen var slutt.

Er det ei historie du vil trekka fram frå tida di som elev ved skulen?

Det han hugsar best frå denne tida var kveldane heime i kjellaren hjå Jan Åge Høyvik. Han var flink til å spela gitar og hadde mykje kunnskap om musikk. – Me er fleire som har han å takka for at me blei innvia i ei ny og framand verd, der lyd og musikk sto høgt.

Kor gjekk vegen vidare for deg?

- Først i militæret og så blei det tannlegestudium. Etter ei tid fann han ut at det ikkje var rett veg å gå, og i staden for blei det eit halvår på Stålverket. Så kom lysinga i avisa frå NRK; 2-årig ingeniørutdanning. Og sidan har han arbeidd der - og har i dag mest heile landet som arbeidsområde når det er tale om musikksendingar i radio og fjernsyn.

40 års fartstid i NRK får meg til å tenkja på talen Asbjørn Simonsen, dagleg leiar ved skulen, heldt for gymnasiastane på Prekestolhytta: – Alle de som sit her kjem ikkje til å ha same stillinga lenge, kanskje de byter kvart femte år, var mantraet hans. - Det er det nye arbeidslivet.

– Ikkje all spådom slår til, men i mitt tilfelle fortel vel den lange karrieren i NRK sitt om ein kjekk arbeidskvardag.

Kva forhold har du i dag til Strand og Ryfylke?

Han har røtene sine i Ryfylke, sjølv om han har budd store delar av livet i Stavanger. Mykje av det regionen står for; naturen, kulturen og roa likar han. – At hytta mi står på Idsø fortel vel litt om det.

Per Ravnaas var ein av dei 48 første elevane som starta på filialen som Katedralskolen etablerte på Jørpeland. Fem jenter og tjueein gutar på reallinja og fem gutar og 16 jenter på engelsklinja giekk ut av skulen med artium i 1972.

Dei første gymnasåra var ei tid der samvirke og sambruk av lærarar og lokale var normalen for ungdomsskulen og gymnaset. 30-åringen Asbjørn Simonsen, var utan arbeid då Gunnar Leiro (seinare fylkesskulesjef) tok kontakt og bad han om å bli styrar ved Kongsgård-filialen i Strand.

Ei spennande tid, - eg har mykje å takke gode kollegaer for, og kanskje viktigast var sekretærin, Borghild Wågen. Ho lærte meg å forstå dei kulturelle kodane som var i bygda.

Rogalands Avis har i ein artikkel den 19. august 1969 brukt spalteplass på dei mange bygutane si lange reise til Jørpeland. Tiltak måtte setjast inn slik at dei slapp å ta den tidelege ferja til Tau kl. 06.45, for då kunne elevane få ein time meir på puta kvar morgen.

Det var ikkje dei fagleg sterke elevane som kom frå byen, då grunnen til å reisa til Strand var at dei ikkje kom inn på skulane i Stavanger. Bygutane var også viktige for miljøet på skulen, og mange av desse elevane har gjort det godt etter opphaldet på Jørpeland, seier Simonsen.



I Rogalands avis sitt oppslag 19. august 1969 ser me frå venstre Geir Sandvik, William Pettersen, Svein Alsvik, Eivind Kolstø, Kaj Hjertenes, lærar Sigmund Landa og Ole Grødem.

TRE STAUTE SKULEKARAR



Tre karar har hatt utfordringa og gleda av å utvikla og leia skulen fram til der han står i dag.

Etter ei tid som husmann under Stavanger katedralskole, fekk Jon Vogt Engeland (i midten) sleppa til som førar av skuta frå januar 1977. Dei to første åra hadde Asbjørn Simonsen frå Kongsgård den daglege leiinga ved skulen, ei oppgåve Engeland tok over i 1971 før han altså blir formell rektor i 1977 ved Strand videregående skole.

Det var det same året skulen blei sjølvstendig og fekk namnet sitt. Fram til nå hadde tilboda vore filialklassar styrt frå Kongsgård og Stavanger yrkesskole.

I år 2000, etter mest 30 år som skuleiar, gav Engeland stafettpinnen vidare. Han hadde framleis yrkesaktive år framfor seg, både som lærar ved skulen og som seniorkonsulent ved opplæringsavdelinga. Sist han var å sjå ved kateteret saman med elevane var i 2017, og elevane likte møtet.

Kåre Skår (th) tok over rektorstillinga etter mange år som lærar i matematikk og fysikk. I tillegg var han óg avdelingsleiar ved skulen i fleire år. Skår var rektor fram til 2007 då han blei rådgjevar i opplæringsavdelinga i Rogaland fylkeskommune.

Noverande rektor, Erik Danielsen (tv), starta arbeidsdagen sin ved skulen i 1987, var seinare avdelingsleiar og no rektor i meir enn ti år.

EG HAR VORE HELDIG!

Det starta våren 1971 med ein snarvisitt til Jæren. Eg hadde vore i andre landsdelar og land dei siste femten åra, og hadde hug til å sjå att stadar og kjenningar frå barndomen. Jørpeland stod ikkje på ønskjelista mi, men ein av kjenningane nemnde gymnasklassane der, og eg let meg freista til å søkja stillinga som dagleg leiar. På den tida var "misjonær" eit plussord - sjølv i Dagbladet – så det var kanskje mi fortid i Misjonsselskapet som gjorde utslaget. Eg fekk i alle høve jobben. Men eit samrøystes familieråd vedtok me skulle bu i denne avkroken berre til me fann noko betre.


Det fann me aldri! I staden kom me til ein perfekt stad for ungeflokken å veksa opp på, og eg fekk ein triveleg og utfordrande arbeidsplass.

Saman med ei handfull entusiastiske medarbeidarar fekk eg vera med å forma miljøet på ein nystartat skule. Mykje av det som ligg i veggane på Strand videregående skule, har me ein del av æra (eller skulda) for.

Åra fram til 1976 var idylliske. Då hadde me seks klassar, og alle kjende alle. Så kom reforma i 1976. Gymnas og yrkesskular vart omskapte til studierettingar, og Strand videregående skule vart den fyrste kombinerte skulen i fylket. Ganske snart var eg rektor for fem studierettingar med heilt forskjellige tradisjonar og pedagogisk tilnærming. Ja, sjølv

lengda på ein skuletime var me ikkje heilt samkøyrd på. Det var vel meir fornuft enn kjærleik som batt oss saman i byrjinga, og me sleit litt med å akseptera kvarandre. Men eg meiner det var ein fruktbar friksjon mellom miljøa som forma skulen vår.

Forsøks- og utviklingsarbeid vart introdusert på 80-talet, og det fenga! Eit entusiastisk personale nyttta nok meir enn berre arbeidstida på sine hjartebarn. I tillegg starta me dataal-



å vera og å gjera



deren på denne tida. Alle studierettingane var fasinerte av dette multi-verktøyet – sjølv om ingen såg kor stort det skulle bli. Nokre utvalde skular fekk eit klassesett, for å finna ut kva maskinane kunne brukast til, og på planane for nybygget vart eit EDB-rom teikna inn. Meir enn nok, meinte mange.


Så kom Reform 94. Dei gamle læreplanane hadde fokus på det faglege. No vart undervisningsforma, pedagogikken, lagt i støypeskeia. Spesielt vekte det nye omgrepet, prosjektarbeid, diskusjon. Nokre omfamna det, andre sette det i vrangstrupen. Skulen vår hadde gode kontaktar sørover i Europa, og me oppdaga at reforma ikkje var heimesnekra. Den same tankegangen dominerte mest heile EU, og me utveksla idear, og nokre hjartesukk, med partnarskulane våre. I tillegg måtte praksis vika for fagteori på yrkesfaglege studierettingar. Noko som har hatt sine negative biverknader.

No, i 2019, er nye læreplanar på beddinga. Det ser ut til at desse legg enno meir vekt på korleis elevane skal læra enn på kva dei skal læra. Kanskje er pendelen i ferd med å svinga for langt ut til den sida no?

For meg som rektor, vart det klart at den reglementsfasta oppbygginga av skulen si leiing ikkje passa for den omstillinga vi var inne i. På tidleg 90-tal vart det opna for å endra på dette. Overgangen på skulen vår gjekk ikkje utan sverdslag med fagforeiningane. Eg var særskilt nögd med resultatet av drøftingane – kanskje først og fremst av di eg fekk det som eg ville.

Ja, nokre gonger gjekk det slik, men eg prødde i alle åra som rektor ikkje å ri mine eigne kjephestar for hardt, men heller leggja vekt på å støtta opp om medarbeidarane sine prosjekt. Ein røynd og kynisk rektorkollega ordla motsatsen slik: "Det er kanskje ikkje så mykje rektor kan få i gong, men det er ikkje grensar for kva han kan stoppa." For rektor har makt! Kor mykje merka eg kanskje best då eg sluttar: Det første året sleit eg med å akseptera at det ikkje var eg som hadde siste ordet lenger.

Dei siste snautt tjue åra har eg fylgd med på utviklinga meir frå sidelinja. Fyrst som konsulent i fylkeskommunen, så nokre trivelege bonus-år som timelærar i dei viktigaste faga i norsk skule. No er eg ein senior som nokre få gonger i året ser innom. Bygget har endra seg og vakse. På personalrommet er det ikkje mange kjende andlet å sjå. Men skulen si målsetjing om å få fram det beste i den enskilde, kjenner eg meg att i.



Jon Vogt Engeland
rektor hev vore

TILRETTELAGD OPPLÆRING

Tilrettelagt avdeling har fokus på utvikling, læring, trivsel og meistring gjennom å vera og å gjera. Elevane skal oppleva å bli trygge i eigen kvardag – på skulen, heime, i fritid og på arbeid.

Avdelinga for elevar som har rett til spesialundervisning, der alle får individuell opplæringsplan.

Vil du vita meir? Sjå strand.vgs.no





Hvorfor arbeider du i skolen og hva er det som er viktig i ditt møte med elevene?

Jeg arbeider i skolen fordi jeg synes det er givende å få være sammen med ungdom. I møte med elevene er skolens visjon "Me får fram det beste i den enkelte" av stor betydning. Det er en visjon som er viktig for meg i mitt daglige arbeid. Alle elevene har ulike ressurser og jeg har fokus på at elevenes sterke sider og potensiale skal utvikles og bygges videre på. Jeg er opptatt av at elevene skal trives og føle seg trygge på skolen.

Det finnes mange måter å tilegne seg kunnskap på, og ulike måter å nå læringsmålene sine på. Opplæring i programfag innebærer variasjon og praktisk arbeid. Dette oppnår elevene blant annet gjennom å drive "Godt Gjort-butikken" på skolen. Å lære gjennom å gjøre blir da mer virkelighetsnært.

Å jobbe som lærer er spennende. Jeg lærer stadig noe nytt av både elever og mine kollegaer. Ingen dager er like, og det krever at man stadig finner nye løsninger for at elevene skal få best mulig utbytte av undervisningen. Skolen har forventninger om at vi holder oss faglig oppdatert og vi praktiserer dette sammen med elevene. Jeg er glad for å jobbe i et utviklende læringsmiljø sammen med kjekke elever og kollegaer.

Navn: **Brita Kvalvåg**
Stilling: Lærer ved tilrettelagt avdeling
Første arbeidsdag: 1. august 2011



Hvorfor arbeider du i skolen og hva er det som er viktig i ditt møte med elevene?

Kan du dele en historie fra tiden din ved skolen?

Det er kjekt og interessant å kunne jobbe med folk, og her spesielt de unge. Det er jo et samspill mellom lærer og elev der begge forhåpentligvis får og gir noe som har betydning for tilværelsen til den andre. Det er et privilegium å kunne ha arbeidsdagen sammen med hyggelige ungdommer. Jeg tror det er viktig å møte elevene med respekt og likeverd og ikke minst en god slumphumor.

Jeg husker da fylkesutvalget var på befaring i nytt bygg for tilrettelagt avdeling. Daværende rektor skulle imponere med en demonstrasjon av et nytt og avansert toalett. Han hadde ingen kunnskap om dette, men ville likevel forsøke å imponere de besøkende. Han trykket på en knapp og opp fra toalettet kom en vannstråle og traff lederen for utvalget rett i pannen.

Navn: **Per Steinar Vasstveit**
Stilling: Kontaktlærer for vg2 elenergi
Første arbeidsdag: 1. august 1991

FRÅ FILIAL TIL REGIONALT KOMPETANSESENTER

Ei fantastisk utdannings- og danningsreise har det vore for ytre Ryfylke: I august 1969 møtte 48 16-17-åringar opp i skulebygget på Jørpeland, som Strand kommune hadde fasa ut som resultat av skulereform og ny ungdomsskule med linjedeling. Gymnas med engelsklinje, reallinje og tre nytilsette lektorer kom på plass. I tillegg til at ungdomsskulen på Jørpeland stilte med timelærarar, kontor- og vaktmeistertenester.

I dag – 50 år etter – står skulen fram som eit regionalt kompetansesenter for Ytre Ryfylke lokalisiert på Tau, med rundt 600 elevar og meir enn 110 tilsette.

Filial

Fram til 1. januar 1977 var skulen i Strand formelt sett ein filial under Stavanger ka-



tedralskole. I denne tida kom rektor ved Kongsgård, mellom anna Kjølv Egeland, til Jørpeland for å sjå til at eksamen gjekk rett føre seg. Asbjørn Simonsen var dagleg leiar dei to første åra. Jon Vogt Engeland tok over som dagleg leiar i 1971. Frå 1. januar 1977 blei han formelt tilsett som den første rektoren ved skulen.

Strand var tidleg ute med linjedelt ungdomsskule, og realskulen hadde vore i drift frå 1944. Skulesjef i Strand, Leiv M. Tungesvik, og gode eldsjeler arbeidde for óg å få eit høgare utdanningstilbod lokalisiert i Strand. Eit arbeidsutval og skisse for realisering av skule var på plass i 1966. Naturleg nok var det og motstand og frykt for det nye, og kva for rolle dette nye skuletilbodet vil få å seia for skulepolitikken.

I tillegg til gymnas var det og eit sterkt ønske om å få yrkesfaglege studieretningar. Dei første kom i 1974, organisert under Stavanger yrkesskule. Behovet for fleire rom og nytt bygg for elektro- og mekanikaravdelingane meldte seg. "Containerbygget" kom til med

Her starta soga til Strand vidaregåande. Først som filial under Kongsgård fram til 1977. Bygningane på Fjelde var tidlegare brukte som grunnskule, og er er no rivne.

*IT-tida kom også til Strand.
Harald Alvestad (lærar) rettleiier her
Inger Lise Tveit og Ragnar Nesvåg i den
nye IT-verda, mot slutten av 80-talet.
(Foto: SVS)*



klasserom og spesialrom. Skulen leigde også lokale av Stavanger Staal A/S fra 1981, der elevere fekk undervisning i industrimiljøet som var der.

Ein periode på mest ti år (1978 – 1987) hadde skulen ein filial på Askvik i Hjelmeland. Tilbodet var grunnkurs for maskinmekanikarar.

Vaksne på skulebenken

Undervisning av vaksne på kveldstid kom på plass fra 1972. Det første kullet tok Examens artium i 1976. Mange studerte vidare og fekk stillingar på skular, sjukeheim og på andre viktige område i lokalsamfunnet vårt. Under den store krisa på Stålverket sette skulen i gang fleire utdanningstilbod for å hjelpe dei som trond meir utdanning for å kome tilbake i arbeid.

Skulen har sterkt fokus på livslang læring og gir tilbod til vaksne på mange område knytta til etter- og vidareutdanning. Skreddarsaum av tilbod som arbeidslivet og enkeltpersonar etterspør. Óg dei som rettar seg mot våre nye landsmenn, mellom anna yrkesretta forkurs. Fokuset er at eleven skal kunna bu og utdanne seg i regionen vår, og då er det viktig med eit breitt opplæringstilbod. Mange elevar som har nytt tilboda våre peiker på at vaksenopp-læring ved Strand vgs var viktig for deira seinare yrkeskarriere.

Høg og variert kompetanse

Skulen samarbeidde tidleg med arbeidslivet og lokalsamfunna rundt seg. Dette for å gje dei rette utdanningstilboda og bidra til at flest mogleg av dei som bur i Ytre Ryfylke skulle kunna bu heime og gå på skulen.

Ved skulen arbeider høgt utdanna tilsette med stor variasjon i fagfelt, mellom anna innan realfag, elektrofag, helsefag, samfunnsfag og økonomi. Det siste skotet på stammen, utdanningsprogrammet Naturbruk, kom til etter at Rygjabø vgs blei fusjonert med Strand vgs i 2014. Eit viktig fagmiljø og viktige arbeidsplassar regionen treng for å løfta utdanningsgrad og innovasjonslyst.

Frå likkistå til kompteesenter

Skulebygga, det eldste frå 1898 ("Likkistå"), var slitte alt ved oppstart - og blei meir og meir utdaterte. Planar om nybygg blei tidleg aktuelt. Rogaland fylkeskommune la planar for tre nye vidaregåande skular som alle skulle opna dørene hausten 1989; Dalane, Sauda og Strand. Hjå oss sto slaget om lokalisering - Jørpeland eller Tau. Tau trekte det lengste strået, med den logiske plasseringa sentralt i


Strand og med kort avstand til Hjelmeland og Finnøy. Óg på Tau vart det lansert alternative tomter, Rødlandsmyra og Kvednaneset, men det var tomta ved Torgerkrossen og Krossvatnet som til slutt vann fram.

At skulen hamna på Tau har nok styrkja elevgrunnlaget og utdanningstilboden skulen i dag har. Ikkje minst i samband med samslåinga med Rygjabø og utbygging av eit sterkt utdanningstilbod innan havbruk.

Etter at skulen kom til Tau i 1989 har det vore mange vidare byggeprosjekt:

- Tilrettelagt avdeling opna i 2005
- Ryfylkehallen kom i 2005
- Opning av påbygg; kantine, personalrom og auditorium i 2013
- Nybygg med elevbustader opna i 2017
- Havbruksenter med realfagsavdeling og kaianlegg kom i 2017

Talet på elevar og tilsette har auka sidan 1969. Utbyggingsplanar vil føra til at pila framleis kjem til å peika oppover i åra som kjem.



(Foto: SVS)

800 om få år

Trass i nybygg og utvidingar er det trangt om plassen for elevar og tilsette. I desember 2018 vedtok fylkestinget ei ny stor utbygging ved skulen på rundt 240 millionar kroner grunna vekst i elevtalet på fylkesnivå i åra som kjem. Opninga av Ryfast i år gjer Strand vgs til ein aktuell vidaregåande skule for Hundvåg bydel i Stavanger.

Utbyggingsplanane rommar mellom anna nye verkstader for TIP og elektro, ny gymsal og ombygging av eksisterande lokale. Strand kommune og Ryfylke har vore viktige medspelarar i arbeidet for å få til nye utbyggingar ved skulen, og med det styrkje det kompetansesentret skulen ynskjer å vera for regionen. Fleire elevar fører også til fleire tilsette og eit breitt utdanningstilbod ved skulen.

Med fokus på den enkelte

Samfunnet har ansvar for å gje unge og vaksne kunnskap. Skulen vil også bidra til at den enkelte skal få å oppleva livsglede, meistring og få fram sitt potensiale. Det er kostbart for samfunnet – og ikkje minst den enkelte – når menneske fell ut av skulen eller ikkje har eit arbeid å gå til.



(Foto: SVS)

Skulen har fokus på enkeltmennesket, med eit ønske om at alle skal kunne delta, meiste og bidra ut i frå dei premissane kvar og ein har. Skulen har lenge hatt ei sosialpedagogisk rådgjevingsteneste og ei utdannings- og yrkesrådgjevingsteneste, som arbeider saman med fylkeskommunen si pedagogisk-psykologiske teneste (PPT). Her kjem og oppfølgingstenesta (OT) inn, som har som oppgåve å hjelpe ungdom som ikkje er i utdanning inn i arbeid eller eit utdanningsløp som passar for dei.

Skulen møter alle 9. og 10. klassingane og føresette i Ytre Ryfylke. Elevane blir invitert til hospitering på skulen, i tillegg til at skulen arrangerer open informasjonsdag for alle interesserte. Målet til skulen er å gjera kjent for dei som bur i Ytre Ryfylke at dei har ein interessant, utviklande og inkluderande skule som vil det beste for dei som søker kunnskap.

Det er også viktig å få fram denne bodskapen på yrkesmesser i og utanfor regionen, i tillegg til å driva ei målretta marknadsføring i sosiale- og trykte media. Skulen vil bidra til å gjera ein forskjell og vonar at Hundvåg bydel oppdagar skulen for alvor når Ryfast opnar seinare i år.

Ny skuleutvikling

Det har funne stad fleire reformer i den vidaregåande skulen. Strand vgs har søkt å tilpassa desse til lokale forhold. Til dømes kom bibliotektenesta som ein konsekvens av Reform 94, seinare eiga ikt-avdeling.

Den nasjonale kompetansepolitiske strategien for 2017-2021 og Lied-utvalet sitt arbeid i desse dagar utfordrar skulen til å tenkja nytt i takt med behovet for å læra gjennom heile livet. Sauda og Strand vidaregående skular har mellom anna gått saman om etableringa av pilotprosjektet MOR (Motivasjon, Opp-læring og Rettleiing) som har som føremål å utforma den vidaregåande skulen si rolle i samfunnsutviklinga. Skulen skal ta eit dansnings- og utdanningsoppdrag for nye generasjoner, men og gje påfyll til dei som alt har teke ei utdanning og ynskjer å fylla på eller etterutdanna seg. Gjennom dette arbeidet skal skulane bli regionale kompetansesentra og bidra til kunnskapspåfyll, utvikling, nyskaping og innovasjon. Her blir utviklinga av støttefunksjonar som bibliotek og rådgjevingstenesta viktige.



(Foto: SVS)

DET HEILE STARTA MED GYMNAS

På femti år har Strand vidaregående skole gått frå å vera ein liten filialskule med vel femti elevar til i dag å vera eit stor kunnskapssenter. Vel 600 elevar kan velja mellom mange og varierte undervisningsretningar. Og taket er ikkje nådd. Skulen står framfor nye utbyggningar med nye linjer som kan koma til. I tillegg til utfordringar sentrale styresmakter gir skulane om å bidra til at me alle kan få læra heile livet, der me bur.

Frå gymnas til studiespesialiserande Stavanger Katedralskole si etablering av gymnas klass (real- og engelskklass) på Jørpeland i 1969, var starten på ei lang historie for det vidaregåande skuletilbodet i ytre Ryfylke. Elevane kom i hovudsak frå Strand, men vanskar for unge siddisar med å få plass ved byskulane, førte til at ein del av dei kom over fjorden. I 1976 var gymnaset historie, og studieretting for allmenne fag kom i staden med ny faginndeling. Ved Strand vgs blei ei språkleg, samfunnsfagleg og naturfagleg linje etablert.

Kunnskapsløftet kom i 2006, og den nye nemninga blei så Utdanningsprogram for studiespesialisering. Eit treårig løp med fellesfag, men der ein og kan velja mellom ei rekke programfag, med undervising i klasserom eller på nett gjennom Nettskulen.



I haustferien i 1985 var tyskgruppa i 3. klasse på studietur til München. Bård Rune Landa framme og Hilde Tungland til høgre. I midten i kvitt, Irene Brekke. Bak Ellen Stangebye og Odd Herrmann Hüffmann, som var lærar.

(Foto: SVS)

Fransk var 2. framandspråk fram til 2006. Etter det har spansk teke over og er i dag mest like populært som tyskfaget.

På same tid kom utdanningsprogram for idrett, - forløparen var valfag fotball.

Med den nye Ryfylkehallen i 2005 låg alt til rette for å starta opp med idrettsfag i 2006. Eit viktig bygg, ikkje berre for fotballen, men også for idrett generelt med mellom anna treningssentret "Godt trent" (tidlegare Akilles).



Praksisnær undervisning: Lois Miriam Mabda og Julie T. Johannessen passar på at Marita S. Barkved (i senga) får godt stell.

(Foto: SVS)

På idrettsfag kan elevane velja mellom toppidrett og breiddedidrett. Toppidrett er i første rekkje knytt til fotball, men skulen legg også opp til spesialsydd opplegg for andre idrettar. Utdanningsprogrammet har til vanleg ei klasse på kvart trinn Vg1-3 og gir generell studiekompetanse.

Frå husstell til omsorgsutdanning

Alt to år etter oppstarten av den vidaregåande skulen i Strand, blei det etablert eit kurs i husstell. Først som ei halvårseining, men allereie hausten 1972 blei tilboden utvida til ei årseining.

I mest tjue år blei tilboden vidareført, men i samband med innflytting i ny skule på Tau i 1989, blei det eit skifte, og grunnkursklasse i Helse- og miljøfag Vg1 blei starta opp. På Vg2 kom Omsorgsfag same året.

Ei teoretisk, men praksisnær utdanning, med praksis på sjukeheimar i Hjelmeland, Strand og Stavanger. Ei brei utdanning med høve til praksis i omsorgsområde som apotek, barnehage, Barneskule, tannlege, sjukehus, sjuke-

Lærar Agnes Therese Nese underviser i helsefag for vaksne, skuleåret 2018/19.

heim, dagsenter og avlastningsbustadar. Etter 2 år i skule kan eleven gå ut i lære i 2 år eller ta eit år påbygg som gir studiekompetanse.

Fleire endringar har kome til og ført til justeringar av innhald og spesialisering innanfor utdanninga. Per no heiter tilboda ved skulen Vg1 Helse- og oppvekstfag og Vg2 Helsearbeidarfag.

Eit eige tilbod, Vg2 Barne- og ungdomsarbeidar, blei forsøkt. Etter nokre års pause blei det eit permanent tilbod frå 2016.

Livslang læring

Skulen tok tidleg ansvar og etablerte opplæringstilbod for eldre elevar. Undervisning av vaksne har normalt gått føre seg på kveldstid, og det første kullet tok ekamen artium i 1976.

Seinare har det vore ulike tilbod når det gjeld etter- og vidareutdanning, i tillegg til sertifisering for mellom anna køyring av truck, varmt arbeid osv. Opplæringstilbod for flyktningar kjem også inn her.



Praksisnær undervisning: Lois Miriam Mabda og Julie T. Johannessen passar på at Marita S. Barkved (i senga) får godt stell.

(Foto: SVS)

Bak: Raymond Barka. Frå venstre: Mary Ann Solberg, faglærar Otto Fjelde og Henrik Vasstveit held her på å dreia tangen på ein ambolt, som var eit av måla i læreplanen.

(Foto: SVS)



Saman med Sauda vidaregåande skule har omlag 16 000 studiepoeng blitt delt ut til studentar med adresse og studiestad Ryfylke. Dei har til dømes utdanna seg til lærarar, eller etterutdanna seg til å undervisa i nye fag i skulen. Óg det utan at dei har flytta frå heimstaden sin.

Med eit samfunn som endrar seg raskare og raskare, blir behovet for etter- og vidareutdanning større og større. I nasjonal kompetansepoltikk får dei vidaregåande skulane større ansvar for dette arbeidet, altså slik at innbyggjarane kan få kunnskapspåfyll nært der dei bur.

Frå maskinmekanikar til teknikk og industriell produksjon

Maskinmekanikar Vg1 kom i gang i 1973, først organisert under Stavanger yrkesskole. Frå 1978 var tilboden utvida til to klassar. Same året oppretta ein også ein filialklasse på Askvik i Hjelmeland, eit tilbod som heldt fram til 1987. Eit godt samarbeid med arbeidslivet kom raskt i stand, og elevar fekk praksis ute i bedrifter i Strand og Hjelmeland.

Frå 1989, då skulen flytta til Tau, har klassetalet variert på Vg1 og Vg2 innanfor Maskinarbeidar- og mekanikarfaget, men også maskinfag og elektromekanisk fag.

Det kom meir og meir elektro inn i det mekaniske faget, undervist av lærarar fra elektroavdelinga.

I 2006 fekk utdanningsretninga namnet TIP (Teknikk og industriell produksjon).

Ut frå første året på TIP kan elevane velja mellom forskjellige Vg2-løp. På Strand vgs er tilboden Vg2 Industriteknologi – og elevaen kan etter dette året velja mellom 23 ulike lærefag.

Elektrofag

I 1973, det same året som mekanisk avdeling blei etablert, sette Stavanger yrkesskole opp ein elektroklasse – sterkestrøm. Eit tilbod Strand vgs tok over frå 1977. I 1981 blei tilboden utvida med ein klasse elektro felles grunnopplæring, som alt to år seinare blei til to klassar.

Når skulen kom i nye lokale på Tau var tilboda Vg1 Elektro, Vg2 Elektro og Vg2 Elektronikk. I nokre år hadde skulen og tilboden om Vg3 Elektronikk.

Vg2 Elektro gjekk frå skulestart 2006 over til å heita Vg2 Elenergi.

Som ein del av opplæringa er elevane utplassert vår og haust hjå installatørar, elektrofirma og bedrifter med tavleverkstad. Det er vanleg at elevar som har tatt utdanninga går vidare og tar ei ingeniørutdanning.



Lena Poulsen er konsentrert om arbeidet på elektroverkstaden. I bakgrunnen ser me Rasmus Hamre og lærar, Arvid Eie.

Strand. ”Å læra gjennom å gjera” står sentralt i den praktiske tilnærminga av teorien elevane skal læra.

Frå 2006 heiter tilbodet Service og Samferdsel, ei utdanningsretning som står føre justeringar i innhald og organisering dei nærmaste åra.

Tilrettelagt avdeling - kvardagslivstrening

Hausten 1996 kunne skulen gje eit tilbod til to elevar i kvardagslivstrening, etter kvart kjent som tilrettelagt avdeling. Eit utdanningsprogram som er lagt til rette for den einskilde eleven, for å gjera han sjølvstendig til eit liv i arbeid, til å bu i eigen bustad og som deltar i samfunnet elles.

Fleire elevar kom til, og i 2006 blei eit eige bygg opna, og med det var det råd å starta opplæring av elevar med større hjelpebehov (OH-klassar).

Mange av elevane er utplasserte i praksis, nokre timer per dag eller heile dagar. All undervisninga er tilpassa den enkelte elev. Undervisninga skjer gjennom djupnelæring, der ein drar inn praksisretta situasjonar - og så kjem teorien etter.

For nokre år sidan kom elevbedrifta ”Godt gjort”. Her lagar elevane mellom anna treprodukt og produkt av betong og strikkevarer. I tillegg produserer dei røykelaks. I Nordmarka, der avdelinga òg har lokale, lærer dei å dreia, saga, mala, pussa og montera.

Handel og kontor – Service og samferdsel

Ein eigen klasse i studieretning for handel og kontor starta opp i 1977, eittårig grunnkurs. Ein forsiktig start bygde raskt på seg og blei eit populært tilbod. Etter kvart vart tilboden treårig og gav generell studiekompetanse, på same tid som elevane fekk ei yrkesutdanning med rett til læreplass innan handel og kontor. Dei første elevane blei uteksaminert i 1991.

Etter grunnkurset kunne ein velja mellom to vidare løp, - Bedriftsøkonomi eller Forvalting og saksbehandling. Begge gav eit godt grunnlag for vidare studiar, men mange elevar gjekk direkte ut i gode stillingar i arbeidslivet. Reform 94 førte til at handel og kontorfaga blei innlemma i allmenn studieretning.

I 2003 kom yrkesfag-tilbodet Sal, service og sikkerheit. Etter vg1 og vg2 kunne ein etter to år i lære avlegge fagprøve i:

- Kontor- og administrasjonsfaget**
- Salsfaget**
- Sikkerheitsfaget**

Som ein del av opplæringa er elevane ute i praksis ein dag for veka heile året i bedrifter i Finnøy, Forsand, Hjelmeland, Stavanger og

Sonja Berge og Heidi M. Marthinsen er rett som det er å sjå bak kassa i skulen sin eigen butikk, ”Godt gjort”.

Målet er å skaffa elevane arbeid, og det heile skjer i samarbeid med kommune og NAV.

Avdelinga er den største på skulen, med 26 tilsette. Ei avdeling som også er med og driv skulen si kantine.



Naturbruk

Utviklinga av utdanningsprogrammet naturbruk blir omtalt under kapittelet ”Amtsskulen som kom til Strand” side 115.



Hvorfor arbeider du i skolen og hva er det som er viktig i ditt møte med elevene?

Kan du dele en historie fra tiden din ved skolen?

Det er kjekt å jobbe i skolen. Jeg har nettopp vært elev selv ved en annen videregående skole og trives i skolemiljøet sammen med ungdommer. Jeg syns det er viktig å si hei og hilse på hverandre. Som regel hilser ungdommene tilbake. Jeg har kjekke kollegaer og vi gjør noe nytt hver dag. Jeg lærer mye forskjellig.

Jeg har en morsom kollega som heter Jan Harestad. Han liker å spørre mye, og erter meg når favorittlaget hans, Liverpool, har slått mitt favorittlaget som er Manchester United. Jeg liker å ta litt igjen, og gjemmer frokosten hans av og til.

